

Årsrapport 2009



Kraftfull og nyskapande – frå fjordfylket

Sogn og Fjordane Energi AS

INNHALD

SFE sin visjon	3
Konsernsjefen har ordet	4
Nøkkeltal konsern	5
Tema: Ny fornybar energi	7
Organisasjon og selskapsstruktur	12
Eigarsamansetninga i konsernet	12
Melding frå styret	13
Resultatrekneskap	21
Balanse – eignelutar	22
Balanse – gjeld og eigenkapital	23
Kontantstraumanalyse	24
Segmentresultat	25
Notar til rekneskapen	26
Revisjonsmelding	43
Kort om forretningsområda	44
Verdirekneskap	47
Eigarstyring og selskapsleiing	48

SFE KONSERNSTYRET

Arvid Lillehaug

styreleiar,
rådmann Høyanger kommune

Birger C Schønberg

nestleiar,
økonomidirektør BKK

Bente Frøyen Steindal

styremedlem,
ordførar Flora kommune

Kristin Linnerud

styremedlem,
dr oecon, Forskar II ved Cicero

Mathias Råheim

styremedlem,
medlem av Sogn og Fjordane fylkesting,
rådgjevar NAV Sogn og Fjordane

Per Atle Kjøllesdal

styremedlem,
varamedlem til Sogn og Fjordane fylkesting,
gardbrukar

Geir Magne Egebø

styremedlem,
representant for tilsette

Oddmund Årdal

styremedlem,
representant for tilsette

Stig Solheim,

styremedlem,
representant for tilsette

SFE KRAFT AS

Ole Schanke Eikum,
styreleiar
Kjartan Aa Berge,
nestleiar
Sigbjørn Stedje,
styremedlem
Anne E. Ramsdal,
styremedlem,
representant for tilsette

SFE NETT AS

Ole Schanke Eikum,
styreleiar
Kjartan Aa Berge,
nestleiar
Jens Skår,
styremedlem
Per Martin Håvik
styremedlem,
representant for tilsette

SFE PRODUKSJON AS

Ole Schanke Eikum,
styreleiar
Kjartan Aa Berge,
nestleiar
Dag Smedbold,
styremedlem
Mons Solheim
styremedlem,
representant for tilsette

SFE NATURGASS AS

Ingolf Aagård,
styreleiar
Christian Ameln,
nestleiar
Bjarne Dybvik,
styremedlem
Martin Holvik,
styremedlem

KONSERN

VISJON

SFE skal vere eit framtidretta energikonsern i Sogn og Fjordane.

FORRETNINGSIDÉ

Konsernet sitt føremål er produksjon, omsetnad og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Konsernet kan bygge ut, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.

Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarande føremål.

Konsernet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

Konsernet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.

OVERORDNA KONSERNMÅL OG KONSERNSTRATEGIAR 2009/2010

1. Sikre økonomisk slagkraft
2. Sikre lokal eigarforankring og godt omdøme
3. Utvikle og integrere produkt, sal og marknadsføring i konsernet
4. Vidareutvikle organisasjonen, bedriftskultur og kompetanse, samt styrke interne prosessar i konsernet
5. Styrke kvalitetsfokuset og vidareutvikle rapporterings- og styringssystema
6. Sikre posisjonen i framtidig strukturutvikling
7. Utvikling av nye forretningsområde for langsiktig verdiskaping
8. Oppnå gode resultat innan helse, miljø og tryggleik (HMS) i konsernet



KONSERNESJEFEN HAR ORDET

Ole Schanke Eikum



SFE hevdar seg i konkurransen

Kjøpet av Elkem Energi Bremanger var eit høgdepunkt for oss i SFE. Elkem lyste ut kraftproduksjon i Sauda, Svelgen og Salten for sal på den opne marknaden i byrjinga av 2009. Det er sjeldan kraftproduksjon av dette omfanget vert lagt ut for sal, og vi veit det har var stor interesse for å delta i kjøpsprosessen. Prosessen var tilrettelagt for internasjonal konkurranse, men heimfallsreglane favoriserer nok dei norske offentleg eigde energiselskapa. Vi kan likevel ikkje utelukka at utanlandske eigarinteresser var involvert gjennom konsortium som tilfredstilte heimfallsreglane. Prisen har sjølv sagt vore viktig for Elkem, men undervegs vart vi også vurdert på bakgrunn av fagleg kompetanse, vår evne til å respondere og finne løysingar i forhandlingar og på avtaleutforming, samt evne til å gjennomføre og handtere transaksjonen. Vi leigde inn kompetanse på utvalde område, men i stor grad har vi ført saka fram gjennom godt tverrfagleg lagarbeid med stort engasjement og innsats av våre tilsette. Det var derfor ei stor glede då kjøpsprosessen kulminerte med beskjeden om at vi fekk tilslaget i oktober 2009. Sjølv kjøpsprosessen var viktig og god organisatorisk læring i seg sjølv. Men det er sjølv sagt ekstra gledeleg at SFE trekker det lengste strået til slutt, og viser at vi også hevdar oss i konkurransen med store nasjonale og kanskje internasjonale aktørar.

Gjennom kraftproduksjonen vår i Åskåra og Øksnelvane har vi allereie tyngdepunktet av kraftproduksjonen vår i Bremanger kommune. Med tilslaget på Elkem Energi Bremanger, vil vi no vere hovudeigar og leigetakar av ein kraftproduksjon på nærare 1,5 TWh i Bremanger kommune. Kjøpet var derfor både strategisk og industrielt viktig for SFE. Vi er takknemlege for at TAFJORD og Sognekraft kunne delta i ein samla allianse med oss i dette kjøpet, slik at vi hadde finansielle musklar store nok til å handtere ein transaksjon på 1,7 mrd. kroner. Gjennom samarbeidet i Vestlandsalliansen har vi etablert gode relasjonar som vi no kunne hauste fruktene av i en ny allianse.

For første gong i historia vår har vi selt meir enn 1 mrd kWh'ar kraft til sluttkundar, og dermed er ei grense og barriere broten innanfor dei konkurranseutsette forretningsområda. Det er viktig for kulturen i heile konsernet at vi hevdar oss og lukkast også innanfor dei konkurranseutsette verksemdene. Det er derfor gledeleg å sjå at kraftsalet har ein fin vekst og at vår marknadsdel aukar. Våre grønne kraftprodukt og energirådgjevingstenester har også aukande

interesse. Næringskundane er vortne meir bevisst på å dokumentere at energiforbruket kjem frå reine og fornybare kjelder, og at energien er nytta rasjonelt og effektivt. Vi er mellom dei få selskapa som har teke vare på fagmiljøet for energirådgjeving, og vi satsar på utvikle dette for å kunne levere løysingar som er attraktive og konkurransedyktige.

Vi legg bak oss ein vinter som har vore av den unormale sorten, nær sagt unormal igjen. Frå desember til mars har det vore uvanleg tørt her på Vestlandet, og i tillegg har det vore kaldt med rekordforbruk i vårt område. På seinvinteren 2010 var SFE i periodar nede på ei historisk låg magasin-fylling. Dette var nok situasjonen i dei fleste kraftmagasina på Vestlandet og i Midt-Noreg, og bakgrunnen for at Statnett valte å innføre fem prisområde i Noreg frå midten av mars. Bruken av prisområde skapar usikre rammevilkår for både kraftproduksjon og kraftsal. Den eigentlege problemstillinga er ikkje lite nedbør, men mangel på ein solid infrastruktur for overføring av kraft. Vi hadde den same problemstillinga i 1996 og i 2003. Problemstillinga er derfor velkjent for både bransjen og myndigheiter, men vi må dessverre konstatere at det tek alt for lang tid å etablere og utvikle eit teneleg nett for overføring av kraft. Både forbruket og produksjonen utviklar seg heile tida, og flaskehalsproblema aukar dermed i omfang. Det er eit stort tankekors at dei faglege og politiske prosessane for å utvikle kraftnettet mellom landsdelar er blitt så omfattande og tidkrevjande at vi står i fare for at det eksisterande kraftnett sviktar når vi treng det som mest. Vi kan gjerne glede oss over at det eksisterande kraftnettet klarte å handtere dei store utfordringane denne vinteren, med det er ikkje noko bevis på at vi har ein berekraftig energipolitikk med omsyn på utvikling av kraftnettet. I forhold til å kunne handtere ny produksjon har kraftnettet i vårt område allereie nådd si kapasitetsgrense. I 2009 måtte vi saman med Statnett seie nei til tilkopling av all ny kraftproduksjon i vårt område. Vi gjer likevel alt vi kan for å utvikle eit teneleg kraftnett på regionalt og lokalt plan, men vi er kritisk avhengig av at også dei nasjonale føringsvegane har tilstrekkeleg kapasitet. Vi ser derfor fram til ei forhåpentlegvis rask og positiv avklaring på bygging av 420 kV linja Ørskog – Sogndal, slik at eit teneleg kraftnett kan etablerast for å sikre kraftforsyninga i tørrår og for å kunne legge til rette for miljøvenleg produksjon av kraft.

NØKKELTAL KONSERN

Historiske nøkkeltal – økonomi

Frå resultatrekneskap		2009	2008	2007	2006	2005
Brutto driftsinntekter	tusen kr	831 879	770 313	720 533	658 860	617 680
Brutto driftsresultat (EBITDA)	tusen kr	346 840	282 522	343 565	301 671	332 330
Driftsresultat (EBIT)	tusen kr	251 419	188 486	251 419	213 505	244 830
Netto finansposter	tusen kr	17 785	33 077	(3 108)	8 724	27 299
Resultat før skattekostnad	tusen kr	244 664	155 409	254 527	204 781	217 531
Konsernresultat	tusen kr	127 954	43 208	150 567	101 440	125 040
Resultat per aksje	kroner	17,30	5,84	20,36	13,72	16,91
Frå balansen						
Eigendelar	tusen kr	3 544 420	2 487 419	2 587 279	2 468 561	2 348 424
Eigenkapital	tusen kr	1 127 302	1 080 854	1 083 435	1 255 292	1 284 092
Netto renteberande gjeld	tusen kr	1 887 935	788 141	589 000	593 022	592 900
Syssetsett kapital	tusen kr	1 757 962	1 686 632	1 479 064	1 639 342	1 705 054
Anvendt kapital	tusen kr	1 801 333	1 725 078	1 514 317	1 666 758	1 722 372
Anvendt kapital						
Kontantstrøm frå årets aktivitet	tusen kr	220 747	277 804	194 336	137 152	305 226
Utbetalt utbytte	tusen kr	89 000	30 000	300 000	96 000	87 000
Utbytte per aksje	kroner	12,03	4,06	40,56	12,98	11,76
Av-/nedskrivning på varige driftsmidlar/immatr. eigendelar	tusen kr	98 317	98 377	92 146	88 166	87 500
Investeringar	tusen kr	114 000	108 452	116 456	111 508	69 992
Finansiering/soliditet						
Rentedekningsgrad	%	6,45	3,04	9,49	7,73	6,82
Renteberande gjeldsandel	%	62,61	42,17	35,22	32,08	31,59
Eigenkapitalandel	%	31,80	43,60	43,02	50,85	54,68
Nøkkeltal rekneskap						
EBITDA-margin	%	23,90	17,59	20,56	19,93	23,28
ROACE - før skatt	%	14,30	11,18	17,00	13,02	14,36
ROACE - etter skatt	%	5,02	4,44	10,63	6,51	7,29
Avkastning på anvendt kapital	%	9,09	6,05	10,82	7,28	7,56
Totalrentabilitet	%	9,84	10,59	11,29	10,13	11,93
Eigenkapitalrentabilitet	%	22,16	14,36	21,77	16,13	17,11
Effektiv skatteprosent	%	47,70	72,20	40,80	50,60	43,00

Historiske nøkkeltal – kraftproduksjon		2009	2008	2007	2006	2005
Vannkraftproduksjon middel	GWh	1 380	1 380	1 380	1 340	1 285
Vannkraftproduksjon faktisk	GWh	1 418	1 401	1 622	1 277	1 699
Installert yting (SFE sin andel)	MW	301	301	301	291	291
Magasinbeholdning per 31.12. (GWh)	GWh	299,8	369	402	422	429
Heil- og deleigde kraftverk	antal	15	15	15	13	13
Systempris Nord Pool	øre/kWh	30,65	36,9	22,4	39,1	23,4

Historiske nøkkeltal – nett

NVE-kapital	tusen kr	687 600	566 183	550 737	531 836	543 740
Avkastning på NVE-kapital	%	7,07	2,49	18,57	9,17	6,53
Meir-/mindreinntekt, saldo	tusen kr	73 754	78 381	102 328	78 314	64 736
Levert energi regionalnett	GWh	601	544	560	556	489
Levert energi distribusjonsnett	GWh	629	614	605	561	580

Historiske nøkkeltal – sluttbruk

Kraftleveranse til sluttkunde	GWh	1 006	930	932	809	791
-------------------------------	-----	-------	-----	-----	-----	-----

HMS – utvikling i nøkkeltal

Årsverk per 31.12.	antal	205	202	193	187	179
Årsverk per lærling	antal	20,50	22,44	24,13	23,38	35,8
Kvinneandel	%	20	21	19	20	21
Sjukefråvær	%	2,28	2,54	3,84	3,57	3,17
Korrtidssjukefråvær (1–16 dagar)	%	0,80	0,80	0,84	0,99	0,96
Langtidssjukefråvær	%	1,49	1,74	3,00	2,58	2,21
Konsernmål sjukefråvær	%	3,50	3,50	3,50	3,50	3,50
Skadefråværfrekvens (H1)	skade med fråvær	10,02	14,59	2,17	2,51	2,5
Skadefrekvens (H2)	skade med og utan fråvær	14,03	14,59	2,17	2,51	2,5

Ja til meir fornybar energi

Av Erling Sande, stortingsrepresentant for Senterpartiet og leiar av Stortingets Energi- og miljøkomité.

Sjølv om årets vinter var kald og lang her i Noreg, er ikkje klimakrisa avblåst. I følgje NASAs målingar, er tiåret frå januar 2000 til desember 2009 det varmaste som er registrert i verda sidan målingane starta i 1880.

Verda treng ny og grøn energi. Klimakrisa er også ei energikrise. Verdas si befolkning aukar kraftig, fleire vil ut av fattigdom, og energibehovet er dramatisk stigande. Samtidig må vi altså kutte ut den fossile energien vi så langt i stor grad har basert oss på. Utviklinga er sjølvstøtt ei enorm utfordring – men ho opnar også for nokre moglegheiter.

Noreg er utruleg rikt på ressursar, både på fossil og fornybar kraft. EU har som mål at medlemslanda skal ha 20% fornybar energi innan 2020. I Noreg er allereie rundt 60% av den energien vi brukar, på grunn av vasskrafta. Men vi skal lenger.

Vi må erstatte endå meir av den fossile energien vår. Og vi har fantastiske moglegheiter til å bygge eit nytt industrieventyr samstundes. Vi nordmenn vassar bokstaveleg talt i fornybare naturkreftar som ventar på å bli hausta: vindkraft, vasskraft og bioenergi er godt kjende teknologiar. Vi må også arbeide vidare med alt det som er nytt og spennande: bølgekraft, offshore vind, tidevasskraft og solkraft.

Ny, grøn energi er ikkje berre god miljøpolitikk, men også framtidsretta næringspolitikk. Ei satsing bidreg til å skape aktivitet og arbeidsplassar, og til å bygge kunnskapsmiljø. Sogn og Fjordane er særleg velsigna med naturressursar. Slik eg ser det, bur vi i ein av dei mest spennande regionane i Europa – kanskje særleg innan vind- og vasskraft. Eg spår ei grøn framtid for fylket.





Grøn verdiskaping har eit stort potensiale

– SFE skal ha ei aktiv rolle

Konsernsjef Ole Schanke Eikum

Econ Pöyry og THEMA Consulting Group har lagt fram ein rapport som viser at verdiskaping basert på fornybareenergikjelder har potensiale til å bli mellom dei største næringane i Noreg. Klimatrusselen er ei viktig drivkraft for framveksten av nye forretningsmoglegeheiter og ein grønnare økonomi. Rapporten viser internasjonale forventningar om auka investeringar innan grøn verdiskaping som er 2–3 gonger høgare enn den totale økonomien fram til 2020.

Noreg, og ikkje minst fylket vårt, har eit stort og unytta potensiale for grøn verdiskaping, og det kan komme godt med i overgangen til eit energiforbruk med vekt på effektivitet og klimanøytralitet. Skal potensialet for grøn verdiskaping realiserast, krev det ein heilskapeleg energi-, nærings- og klimapolitikk med klare ambisjonar og mål. SFE kjenner svært godt til både utfordringane og korleis rammevilkåra og økonomiske verkemiddel kan endrast for å utløyse denne grønne verdiskapinga. Vår innsikt er viktig, og saman med andre har SFE ei viktig rolle i utforming av den nye grønne politikken.

Undersøkingar utført av European Cluster Observatory viser at kunnskapsbaserte næringsklynger mellom tett samarbeidande, innovative verksemdar og framifrå forskingsinstitusjonar skapar regionale kompetansefordelar og konkurransevne. SFE er ein aktiv medspelar for at fylket skal bygge opp eit akademiske kunnskapsmiljø gjennom finansiering av professorat og stipendiatstilling ved Høgskulen i Sogn og Fjordane/Vestlandsforskning. Dette kunnskapsmiljøet har igjen lagt grunnlaget for ei treårig utdanning innan ny fornybar energiproduksjon. Framveksten av den grønne økonomien set også krav til auka intern fokus på utvikling av organisasjon og kompetanse i SFE. Det er viktig at vi får til dei positive sirklane og samspelet mellom verksemdene og institusjonane i den grønne næringsklynga i fylket.

Vekst krev tilgang på kapital, og investeringar innan fornybar energi har ofte ein lang tidshorisont der det kan vere ein god periode mellom såing og hausting. Då er det viktig å ha langsiktige og tålmodige eigarar som både har ønskje om og evne til å legg til rette for langsiktig vekst og utvikling. Gjennom god dialog med våre eigarar og med finansinstitusjonar har SFE mål og ambisjonar om å kunne delta i veksten innan den nye grønne økonomien.

Skaffe til veie ny fornybar energi

Produksjonsdirektør Ola Lingaas

Sogn og Fjordane er «energirikt». Mykje nedbør og høge fjell er grunnlaget for stort vasskraftpotensiale. Vinden bles friskt langs kysten og i havet utanfor og gjev potensiale for stor vindkraftproduksjon. Tilveksten i skogen er god og har aukande potensiale for avvirking som m.a. kan nyttast til varmeproduksjon. Fjordane er store varmemagasin som kan nyttast til energiføremål. For ein energiprodusent i fylket kan ein såleis slå fast at ressurspotensialet er enormt.

SFE byggjer vidare på ein 100-årig historie som produsent av fornybar energi. Vårt tyngdepunkt er kjernekompetansen knytt til vasskrafta. SFE arbeider for vidare utvikling av eksisterande anlegg og utbygging av ny vasskraft tilpassa berekraftig ressursbruk og dagens miljøstandard. SFE er også kompetansesenter og bidrar lokalt til mange av dei som ønskjer å realisere eigne småkraftanlegg. Trass i godt ressursgrunnlag og kompetanse er det likevel mange utfordringar knytt til teknisk optimalisering og god miljøtilpassing av anlegga. Vidare er det langdryge offentlege prosessar for å skaffe løyve til utbygging og her må det vere potensiale for forbetringar, utan at det går på bekostning av kvaliteten i arbeidet. Vi ser også fram til realisering av nødvendige nettforsterkingar slik at vi kan få fornybar kraft fram til marknaden.

SFE var initiativtakar til felles satsing på vindkraft på Vestlandet og skipa Vestavind Kraft AS i samarbeid med andre regionale kraftselskap i 2005 og deltok vidare ved skiping av Vestavind Offshore AS i 2009. Selskapa har ein stor prosjektportefølje med mange landbaserte prosjekt i Sogn og Fjordane og den einaste offshorrekonsesjonen i landet gjennom Havsul1-prosjektet utanfor Sunnmøre. Her er det mange ulike aktørar som må dra i lag om vi skal lukkast. Regionale styresmakter må gjennom si planlegging tilretteleggje for at vindkraft kan realiserast i dei områda der vindtilhøva er gode, og sentrale styresmakter må tilretteleggje rammevilkåra slik at det vert lønsemd i kraftproduksjonen. Om dette kjem på plass vil det også vere stort potensiale for at teneste- og leverandørindustrien kan utvikle seg og skape arbeidsplassar og verdiar.

For ein energiprodusent er varmemarknaden ei utfordring i Sogn og Fjordane. Det manglar heller ikkje her energiressursar, men den største utfordringa er at det oftast er langt mellom kundane. På den måten blir det store overføringskostnader og vanskeleg å sjå føre seg omfattande utnytting utanom dei store tettstadene i fylket. Også på dette området vert det likevel arbeidd med utvikling av gode løysingar. SFE og Sogn og Fjordane går såleis mot ei spennande framtid for å utvikle energiproduksjon til nytte både lokalt og for stor-samfunnet.





Utfordringa med å få ny fornybar energi på nettet

Nettdirektør Asgeir Aase

Sogn og Fjordane er «fornybarfylke» nr. 1 i Noreg, og med store, unike ressursar. Berre innanfor vasskraft har vi kartlagt planar om 1.800 MW ny vasskraft. Tyngda av dette består av meir enn 300 småkraftverk. Dette er planar på ulike utviklingsstadium, alt frå «idestadium» til prosjekt som er i etableringsfasen. Det kartlagte potensialet er vesentleg større enn desse talfesta planane. I tillegg har fylket ei lang kystline, med store vindressursar. Ei rekke vindkraftverk er på planstadiet, og ein del er meldt eller konsesjonsøkt.

Mulighetane er enorme, og gjev oss som nettselskap store utfordringar, men også ein svært interessant kvardag med tanke på å få på plass dei rette nettløysingane. Det er allereie teke store nettinvesteringar, og dermed lagt til rette for ei vesentleg fornybarmengde som har fått nettkapasitet. I dag er sentralnettet derimot fullt pga det store og veksande kraftoverskotet, og det er tilknytingsstopp for ny produksjon.

Hovudtiltaket som må på plass er nytt sentralnett gjennom fylket, det vil seie 420 kV-linja Sogndal (Fardal) til Ørskog på Sunnmøre, med sine transformatorstasjonar undervegs. I tillegg må kapasiteten i regionalnettet aukast, i praksis ved at nettet stegvis vert bygd for høgare spenning enn i dag. I distribusjonsnettet (22 kV) vert det også omfattande tiltak. Det er utfordrande å tilby etterspurd kapasitet i tide, og pga miljøhensyn og størrelse på investeringane må nettet vi realiserer vere så rett som mogeleg over 50 års tids horisont.

Som region forsyner vi Norge med fornybar kraft, kan forsyne deler av Europa, kan vere ein del av klimaløysinga, men vi ønskjer ikkje at vi som nettselskap, og kundane våre i regionen, av denne grunn skal framstå som «taparar». Nettinvesteringane for å legge til rette for ny fornybar er «enorme», er utfordrande å finansiere, og medfører i dagens nettrekime at vi som nettselskap vil verte aukande ulønsamt. Kundane vil også «tape» då dagens nettariff, slik nasjonalt nettrekime er i dag, vil auke vesentleg på grunn av nettetablering øymerka fornybar energi. Dette krev ein ny nasjonal nettpolitikk, og vi ser med forventning fram til arbeidet som i desse dagar pågår på sentralt hald, med OED som sentral aktør.

Truverdig miljøprofil – eit konkurransefortrinn

Kraftdirektør Bjarne Dybvik

Klimautfordringane står i kø framover og Norge som nasjon har forplikta seg til å vere med på laget for å realisere dei ambisiøse måla som EU har vedteke.

SFE er lokalisert i «Fornybarfylket nr. 1», med store og unike ressursar innan fornybar energi, og har dei beste føresetnadar til å bidra i dette arbeidet. Alle SFE sine anlegg produserar rein fornybar energi og vi er sertifisert av Statnett til å gje ut opphavsgarantiar på kraftproduksjonen vår.

Ein truverdige miljøprofil er eit unikt konkurransefortrinn for næringslivet, men det er ikkje lenger slik at det berre er næringslivet som er opptekne av dette. I dag er det i ferd med å verte eit allment krav frå alle kundar – miljø er framtida, og saman med kundane er SFE godt rusta for å bidra til ei berekraftig framtid.


SFE vil vere ein pådrivar for at kundane skal krevje fornybar energi og velje energieffektive løysingar. Når kundane vel straum med opphavsgarantiar tek dei eit enkelt steg i riktig retning. Rådgevingsmiljøet vårt er leiande innan sine fagområde som mellom anna omfattar rådgeving innan energileiing og energieffektivisering. Dei har eit sterkt fokus på sertifisering gjennom Miljøfyrtårnordninga og ikkje minst innan dei nye områda knytte til energimerking av bygg.

Kundane har makt. Dersom dei krev opphavsgaranti på straumen sin vil dette auke etterspurnaden etter fornybar energi og etter kvart presse ikkje-fornybar energi ut av marknaden.

Tenk miljø – vel fornybar energi!



ORGANISASJON OG SELSKAPSSTRUKTUR



EIGARSAMANSETNINGA I KONSERNET

Sogn og Fjordane fylkeskommune	48,15%	Askvoll kommune	1,44%
BKK	38,54%	Selje kommune	1,39%
Flora kommune	4,51%	Eid kommune	0,14%
Gloppen kommune/Gloppen Energi AS	3,36%	Naustdal kommune	0,07%
Bremanger kommune	2,40%		

KONSERNLEIINGA



*Konsernsjef
Ole Schanke Eikum*



*Økonomidirektør
Kjartan Aa Berge*



*Produksjonsdirektør
Ola Lingaas*



*Nettdirektør
Asgeir Aase*



*Kraftdirektør
Bjarne Dybvik*



*HR- og
organisasjonsdirektør
Ole-Bent Søreide*



*Kommunikasjonsdirektør
Kai Petter Sårheim
(Frå 1. juni 2010)*

MELDING FRÅ STYRET

Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 128 mill. kr. Styret vurderer resultatet som godt. Hovudgrunnane til dette gode resultatet er i første rekke god resultatmessig uttelling i kjerneverksemdene kraftproduksjon og nett.

SFE produserte 1418 GWh, ein auke på 17 GWh samanlikna med 2008. Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 629 GWh i 2009, ein auke på 2,7% frå 2008.

Styret tilrår eit samla utbytte på 89 mill. kr. for 2009, som er i samsvar med vedteken utbyttepolitikk på 70% av årsresultatet.

SFE har i 2009 gjennomført investeringar på til saman 114 mill. kroner, størstedelen i nye nettanlegg. I tillegg har vi saman med Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS inngått avtale om kjøp av Elkem Energi Bremanger AS på 1.709 mill. kr.

Ved utgangen av året var det 208 tilsette og 11 lærlingar/trainear i SFE. Kvinneandelen i SFE er på 20%. Sjukefråværet er på 2,28% i 2009, mot 2,54% i 2008.

Styret arbeider systematisk med å forbetre SFE si verdiskaping for å styrke selskapet sin posisjon innan energibransjen i fylket og på Vestlandet.

I 2009 har SFE fått sertifisert kontoret i Hamregata i Florø som Miljøfyrtårn.

VERKSEMDA SI ART OG TILHALDSSTAD

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS, SFE Kraft AS og SFE Nett AS. Selskapet sitt forretningskontor er på Sandane i Gloppen kommune.

SFE Naturgass AS sitt formål er distribusjon og sal av naturgass (LNG), og eig regionale mottaksanlegg i Florø og Høyanger. Selskapet er eigd av SFE med 60% og Gasnor med 40%.

SFE og Sunnfjord Energi AS etablerte i 2009 selskapet Etrygg AS for felles organisering av det lokale elektrisitets-tilsynet i verksemdene våre. SFE og Sunnfjord Energi AS eig 50% kvar av dette selskapet. Formålet er å få eit synleg og sterkt elektrisitets-tilsyn i lokalmiljøet gjennom ei samling av fagmiljøa, sikring av tilgang på kompetanse og

sikring av kvalitet og effektivitet i gjennomføring av tilsynsoppgåvene.

SFE tilbyr også tenester innan rådgjeving mot småkraftmarknaden, entreprenørtenester, bustadalarm og enøktenester. SFE eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE sitt engasjement innan breiband er gjennom selskapet Eninvest AS, der SFE har ein eigarskap på 38,7%.


Vestavind Kraft AS er eigd av SFE (14,3%) saman med 6 andre energiselskap på Vestlandet. Selskapet har samlokalisering med SFE på Sandane. Formålet til selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg.

I tillegg eig SFE 6,5% i Vestavind Offshore AS, eit selskap som skal utvikle prosjekt for havbasert vindkraftproduksjon.

SFE eig også 49,2% av aksjane i biovarmeselskapet Fjord Miljøenergi AS (FME). FME har anleggs- og fjernvarmekonsesjon for eit varmekraftverk i Vågsøy basert på avfall som brensel, og prosjektutvikling pågår. FME har også fått konsesjon på eit flisfyrt anlegg i Førde.

Året 2009 var eit år prega av jamt lågare kraftprisar enn i 2008. Redusert etterspurnad etter elektrisk kraft i den nordiske kraftmarknaden som følgje av nedgangskonjunkturen etter finanskrisa er ei viktig årsak til prisnedgangen. Ikkje minst er forbruksreduksjonen i industrien merkbar.

Systemprisen i Noreg var i gjennomsnitt over året på 30,6 øre/kWh. Til samanlikning var systemprisen i 2008 på 36,9 øre/kWh.



SFE produserte 1418 GWh som er ei auke på 17 GWh samanlikna med 2008. Ein del av SFE sin produksjon er framleis sikra i langsiktige prisavtaler.


Oversikt over produksjon og magasin dei siste 4 åra er slik:

Tal i GWh	2009	2008	2007	2006
Produksjon	1418	1401	1622	1277
Magasin 31.12.	383	369	402	422

Ei stor hending for SFE i 2009 var avtalen om kjøp av Elkem Energi Bremanger AS. Dette vart resultatet av eit godt og vellykka samarbeid i Vestlandsalliansen som SFE er ein del av. Saman med Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS fekk SFE tilslaget på å kjøpe selskapet for 1.709 mill. kr. Kjøpet omfattar produksjon på 425 GWh frå eigne kraftverk, samt 260 GWh produksjon frå kraftverk som er tidsavgrensa leigd av Statkraft. SFE har frå før over 700 GWh kraftproduksjon i Bremanger kommune, og nærleiken mellom nye og eksisterande anlegg legg eit godt grunnlag for effektiv drift og langsiktig verdiskaping frå kraftproduksjonen i dette området. Konkurransetilsynet har allereie gjeve si godkjenning for oppkjøpet og vi ventar no på å få endeleg avgjerd i Olje- og energidepartementet om konsesjon. Denne avgjerda er venta i løpet av første halvår av 2010.

Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 629 GWh i 2009, ein auke på 2,7% frå 2008. SFE har i 2009 hatt ein vesentleg god leveringskvalitet i nettet. Oppetid på nettet var 99,98% i 2009. Overføringsnettet i fylket har betydelege utfordringar med flaskehalsar som i periodar gjer det vanskeleg å transportere kraftproduksjonen fram til forbruksområda, og i periodar med liten lokal kraftproduksjon vil same flaskehalsen vere ei utfordring for leveringstryggleiken i fylket. Som ei følgje av desse flaskehalsane kombinert med låg lokal produksjon vart det seinvinteren 2010 oppretta eit eige prisområde for vestlege Vestlandet. Spesielt er sentralnettet i Sogn og Fjordane kapasitetsmessig svakare enn ønskjeleg. Fylket har eit stort potensiale for ny fornybar energi, men store deler av denne er ikkje mogleg å realisere utan å gjere forsterkningstiltak i nettet. Sentralnettet er no så sterkt utnytta at ny produksjon som ikkje hadde konsesjon før 1. april 2009 ikkje får avtale om nettilkopling før nytt sentralnett er realisert. Statnett har konsesjonssøkt ny 420kV-linje Ørskog – Fardal med planlagde transformasjonsstasjonar i Høyanger, Moskog og Ålfoten. SFE har vore aktivt i prosessen med etablering av nytt sentralnett, og traséval og transformasjonsstasjonar er i samsvar med våre tilrådingar. Det er venta at konsesjon ligg føre hausten 2010, og at nytt sentralnett er ferdigstilt rundt 2014/2015. Denne systemløyninga gjer det mogleg å gjennomføre omfattande sanering av 132 og 66 kV-linjer i fylket. For å kome i møte utfordringane knytt til eit aldri sentralnett og planar om industriell vekst og

aukande vasskraftproduksjon, har SFE hatt eit jamt og høgt investeringsnivå innan overføringsnettet på regional- og distribusjonsnivå, og vi forventar at investeringane vi halde seg høge i tida som kjem. På tross av desse utfordringane meiner styret at tilstanden i eige nettet er tilfredsstillande.



Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 128 mill. kr mot eit resultat på 43 mill. kr i 2008.

Av negative hendingar i 2009 for SFE må det seiast at situasjonen i SFE Naturgass ikkje er avklart. Selskapet har kome i brot med banken sine lånevilkår, noko som er mellombels handtert av selskapsleiinga ved innhenting av ein «waiver»/tilsidesetjing av låneavtalen med banken. Det arbeidast med å finne ei god løysing for denne verksemda. Det er også starta rettsleg prosess for å kjøpe ut medeigar Gasnor AS. Styret vurderer at føresetnaden for fortsatt drift er til stades for SFE Naturgass.

FORTSATT DRIFT

Konsernrekneskapan er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Etter styret si vurdering har konsernet ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare vekst.

FRAMTIDSUTSIKTER

Ved starten av 2010 hadde SFE sine vassmagasin ein fyllingsgrad på 64%. Den tørre vinteren i 2010 gjer at det er venta vesentleg lågare produksjon enn i 2009. Sjølv om prisane hittil har vore høgare enn venta vil den endelege effekten av den uvanlege vinteren kunne bli negativ på resultatet.

EU sin energi- og klimapolitikk saman med brei politisk semje om klimamål i Noreg kan gje eit strengare regime for CO₂ og støttetiltak for ny fornybar energiproduksjon. For SFE kan dette på lengre sikt medføre stigande prisar på den eksisterande fornybare kraftproduksjonen, samt

moglegheiter for utbygging av ny vass- og vindkraft. Ei slik prisutvikling vil verke positivt på verdiutviklinga av fornybar kraftproduksjon og dermed på verdiane i SFE. I tillegg vil SFE vere aktiv i arbeidet med vurdering av annan miljøvenleg energi som bio- og fjernvarme. På ei anna side kan einsidige klimamål i Noreg og Europa medføre ei konkurransevriding for den kraftkrevjande industrien, med fare for at denne industrien flyttar produksjonen ut. Dersom denne industrien forsvinn, representerer dette ei betydeleg fare for innelåsing av kraft i det nordiske kraftsystemet med påfølgjande låge kraftprisar.

Det nye prisområdet på Vestlandet, som vart etablert vinteren 2010, har førebels hatt ein gunstig effekt for SFE.


SFE sin prognose for 2010 viser eit resultat som er svakare enn resultatet i 2009. Ettersom SFE si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon er konsernet utsett for stor risiko for variasjon i årsresultatet grunna varierende årsproduksjon.

ÅRSREKNESKAP

RESULTAT


SFE konsernet hadde i 2009 ei omsetning på 832 mill. kr. Dette er ein auke på 62 mill. kr frå 2008. Inntektene er fordelt med 576 mill. kr frå sal av kraft, 224 mill. kr frå nettinntekter og 31 mill. kr frå andre driftsinntekter.

Per 31.12.09 har selskapet ei akkumulert mindreinntekt for nettområdet på 74 mill. kr. Av dette skal 9 mill. kr fakturerast sentralnett i 2009. Det er styret sin intensjon å krevje inn den øvrige mindreinntekta i løpet av ein 4-års periode.




Driftsresultatet er på 262 mill. kr, ein auke på 74 mill. kr frå 2008.

Konsernet har netto finanskostnader på 18 mill. kr i 2009. Til samanlikning var netto finanskostnader på 33 mill. kr i 2008.



Resultatet før skatt er på 244 mill. kr, ein auke på 89 mill. kr frå 2008.

Total skattekostnad er på 117 mill. kr fordelt med 71 mill. kr på overskottsskatt og 46 mill. kr på grunnrenteskatt. Effektiv skatteprosent var på 48% i 2009.



Avkastninga på anvendt kapital var i 2009 på 9,1% og eigenkapitalrentabiliteten var på 22,2%.

I styremeldinga for 2008 vart det signalisert ei forventning om vesentleg betra resultat i 2009 enn for 2008. Denne forventninga er innfridd. Konsernet sitt årsresultat etter ordinær skattekostnad er på 128 mill. kr som er 85 mill. kr høgare enn i 2008. Resultatet er det nest beste i SFE si historie.

Hovudgrunnane til dette resultatet er god utteljing på forretningsområda kraftproduksjon og nettdrift. Kombinasjonen av gode prisar på slutten av året med auka verdi på finansielle kraftkontraktar, samt sterk auke i inntektsramma er dei viktigaste forklaringsfaktorane.

FOU

SFE deltek aktivt i felles FOU-prosjekt i regi av bransjeorganisasjonen Energi Norge. SFE har vidare innleia eit samarbeid med Vestlandsforsking/Høgskulen i Sogn og Fjordane om utviklingsprosjekt om fornybar energi. Dette samarbeidet inneber mellom anna at SFE støttar Vestlandsforsking/Høgskulen i Sogn og Fjordane med 1,2 mill. kr per år.

SFE er aksjonær i utviklings- og såkornfonda Fjord Invest og Fjord Invest SørVest. Vidare har SFE stor aktivitet innan fornybar energi og brukar mykje ressursar på forretningsutvikling.

BALANSEN

Konsernet har ein totalbalanse på 3.544 mill. kr. Den renteberande gjelda i SFE er på 1.801 mill. kr. Dette er ein auke på 1.011 mill. kr samanlikna med gjelda ved førre årsskifte. Den bokførte eigenkapitalen pr. 31.12.09 er på 1.127 mill. kr og utgjer 32% av totalkapitalen, noko som er ein vesentleg endring i høve til 2008. Hovudforklaringa på dette er opplåninga i samband med innhenting av finansiering til oppgjeret for aksjane i Elkem Energi Bremanger AS. Denne transaksjonen skal gjerast opp i 2010 i samband med endeleg overtaking av selskapet i Svelgen.

Styret si oppfatning er likevel at SFE si finansielle stilling er god.

Totale investeringar i SFE er på 114 mill. kr. Tabellen under viser fordelinga fordelt på forretningsområda og korleis investeringane har utvikla seg over tid:


Tal i mill. kr	2009	2008	2007	2006
SFE Nett	81	78	63	55
SFE Produksjon/ Firdakraft	10	20	36	48
Øvrige selskap	23	10	17	9
Sum investeringar	114	108	116	112

Styret er ikkje kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.

KONTANTSTRAUMANALYSE

Konsernet har ein positiv kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 221 mill. kr.

Investeringsaktiviteten i driftsmidlar og kjøp av aksjar gir ein negativ kontantstrøm på 128 mill. kr. Finansieringsaktiviteten gav ein positiv kontantstrøm på 973 mill. kr.



Kortsiktig gjeld er auka med 1.104 mill. kr, i hovudsak grunna kortsiktig finansiering av førestående overtaking av Elkem Energi Bremanger AS. Kjøpet av dette selskapet er permanent finansiert gjennom obligasjonslån og sertifikatlån etter 31.12.2009.

Til saman gir dette ein auke i bankinnskott, kontantar og liknande på 1.065 mill. kr.

FINANSIELL RISIKO

SFE er eksponert for fleire finansielle risikofaktorar. For å sikre gode resultat og stabile utbytte til eigarane, samt langsiktig verdiskaping, har konsernet etablert ein overordna strategi for styring av risiko knytt til kontantstraum, resultat og verdien av eigedelane sine. På grunnlag av denne strategien har styret vedteke rammer for risikoeksponeringa innanfor områda krafthandel, finans og valuta.

Strategien for krafthandel er å sikre god og stabil inntening av kraftproduksjonen. Ein del av krafta som skal produserast i komande periodar er det høve til å prissikre, hovudsakleg gjennom finansielle terminavtaler. Denne strategien inneber at ein har etablert kvantumsgrenser med eit fallande sikringsbelte for kraftprissikring for inneverande år og 3 år fram i tid.

Valutarisikoen har tidlegare vore sikra gjennom terminmarknaden. Grunnlaget for valutasikring har vore konsernet sine framtidige kontantstraumar i Euro på Nord Pool. Frå 2009 har styret vedteke å liggje open i valuta utan noko sikring.

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrente- og eigedomsskatt samt pensjonskostnadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding, plassering av overskotslikviditet og bruk av finansielle instrument. Renterisikoen for SFE sine finanskostnader er avgrensa gjennom aktiv styring av renterisikoen.

Kredittrisikoen for konsernet er vurdert å vere låg ettersom det meste av kraftproduksjonen vert omsett mot Nord Pool. Finansielle transaksjonar inkl. likviditetsplassering og terminforretning av valuta vert gjort mot solide aktørar med høg kredittrating.



Likviditeten til konsernet er god. SFE har ein kassakreditt på 100 mill. kr samt ein langsiktig trekkrett på 100 mill. kr som likviditetsbuffer. Trekkretten var ved årsskiftet

trukke opp maksimalt. I tillegg stiller banken ein garanti-kreditt på 100 mill. kr for krafthandel på Nord Pool.

Styret mottek jamleg rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling på krafthandelsområdet.

ARBEIDSMILJØ, LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Sjukefråværet i 2009 var på 2,28% mot 2,54% i 2008. Dette fordeler seg på 0,80% for korttidsfråvær (1–16 dagar) og 1,49% for langtidsfråvær. Styret si vurdering er at sjukefråværet er gledeleg lågt. Konsernet har som målsetting at sjukefråværet skal vere under 3,5%. Skadefråværfrekvens (H1-verdi) var på 10,02, mot 14,59 i 2008. Ikkje nokon av desse skadane kom som følge av brot på lover, forskrifter eller interne rutinar. Øvrige HMS nøkkeltal er skadefrekvens (H2-verdi) på 14,03 og skadefråvær (F-verdi) på 557 (359 i 2008). Det har vore fem arbeidsuhell for tilsette i SFE i 2009 som har medført sjukefråvær. Sjukefråværet som følge av arbeidsuhell er relativt høgt, noko som gjer at SFE har ein høgare H1-verdi enn elles i bransjen. Hovudårsaka til høg H1-verdi i 2009 skuldast at eit av fråværa, ein fallskade på montørbasen, hadde ei sjukmeldingslengde på over 12 månader. Sjølv om det er ein reduksjon i H-verdiane i høve til 2008 finn ikkje styret nivået på H-verdiane tilfredsstillande og dette blir følgt opp.



Konsernet arbeider kontinuerleg og systematisk med å førebygge slike hendingar. Mellom anna har vi hatt eit godt og konstruktivt samarbeid med bedriftshelsetenesta om oppfølging av medarbeidarane våre.

Vi har i 2009 hatt nokre tilfelle med brot på arbeidstidsbestemmelsane om overtid i høve til arbeidsmiljølova og har konstatert for liten oversikt over overtidsbruken. Årsakene til dei fleste av desse brota skuldast uventa og akutte hendingar som ein har måtte løyse umiddelbart, noko som har gitt uønska meirbelastningar i arbeidstid for enkelte medarbeidarar. Det er iverksett tiltak som skal sikre betre oversikt og førebygging av slike brot i framtida.

Partane i SFE har i 2009 evaluert konsernet sin seniorpolitikk. Denne evalueringa var ein del av avtalen ved etableringa i 2007, og den syner at SFE har nådd si målsetting; eldre medarbeidarar ønskjer å halde fram i SFE, framfor å gå av med tidlegpensjon.

Ved utgangen av året var det tilsett 208 personar, fordelt på 205 årsverk. Av desse var 42 kvinner (20%) og 166 menn (80%). Ved utgangen av året hadde konsernet i tillegg 10 lærlingar. I tillegg har SFE 1 trainee med arbeidsområde prosjektering. Vi vurderer traineeordninga som eit godt supplement i arbeidet med å rekruttere fagkompetanse til konsernet.

SFE sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse. Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering. Konsernstyret har totalt 9 medlemmer samansett av 6 aksjonærvalde og 3 valde mellom dei tilsette. Styret har 2 kvinnelege medlemmer valt av aksjonærane. Dei 3 heileigde dotterselskapa har alle 4 styremedlemmer. I desse styra er det ein kvinneleg styrerepresentant i selskapet SFE Kraft, valt av dei tilsette. Det er ingen kvinner i konsernet si leiargruppe.

SFE er opptatt av å følgje diskrimineringslova sine bestemmelsar. Dette inneber mellom anna at vi arbeider for å hindre diskriminering i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar. Som eit konkret døme på det siste kan nemnast at SFE har hatt fokus på universell utforming i det nye kontorbygget på Strandtun som vart ferdigstilt i 2009.

Styret takkar alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som er gått.

YTRE MILJØ

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureining av det ytre miljøet.

Både kraftleidningar og utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar.

Dotterselskapet SFE Nett AS vart i starten av 2010 likevel politimeldt av Fylkesmannen for ulovleg bruk av motor-kjøretøy i naturreservat. Hendinga skjedde i mai 2009 i samband med utskifting av master for eit 66kV fjordspenn. Arbeidet var sett ut på anbod, og naturreservatet gjekk fram av anbodsdokumenta. Den eksterne entreprenøren har stadfesta at dei var kjent med forbodet og at dei tek på seg ansvaret for hendinga. Politiet har ikkje starta etterforskning.

SFE tek gjennom oppfølging av reguleringsføresegner, minstevassføring, utsetting av fisk, bygging av tersklar m.v., omsyn til miljøet i regulerte vassdrag. Ved bygging av nye anlegg vert miljøverknader grundig vurdert.

SFE Produksjon har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg og følgjer systematisk opp tilstanden og tryggleiken på anlegga.

Det er innført kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet.

Alt straumforbruk i konsernet er dekkja ved opphavs-garantiar frå SFE sin eigen produksjon i Øksenelvane. Forbruket er såleis dokumentert som ikkje – forureinande og i tråd med ordninga slik NVE føreskriv.

SFE fekk sertifisert hovudkontoret på Strandtun som Miljøfyrtårn i 2008. I 2009 vart dette følgt vidare opp med sertifisering av kontoret i Hamregata i Florø.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR


Styret har etter drøfting med eigarane nedfelt retningslinjer for selskapet sin utbyttepolitikk. SFE skal gjennom utbytte og verdiauke på selskapet gje aksjonærane ei konkurransedyktig avkastning samanlikna med alternativ investering og med tilsvarande risiko. Retningslinjer om ein utbyttepolitikk med 70% utbytte av årsresultatet etter skatt, vart vedtatt av selskapet si generalforsamling i juni 2008. For 2009 tilrår styret eit samla utbytte på 89 mill. kr.

Utbytte blir utbetalt frå morselskapet som har eit resultat på 122 mill. kr.

Styret har slikt framlegg til disponering av årsoverskotet:

Overført til annan eigenkapital:	33 mill. kr.
Avsett til utbytte:	89 mill. kr.
Sum disponert:	122 mill. kr.

Fri eigenkapital pr 31.12.09 etter avsett utbytte og frådrag for utsett skattefordel er 145 mill. kr.



Sandane 24. mars 2010





RESULTATREKNESKAP

Konsern				Sogn og Fjordane Energi AS			
2007	2008	2009	(Tal i 1000 kr)	Note	2009	2008	2007
Driftsinntekter:							
431 637	525 467	576 275	Sal av kraft	2,22,24	0	0	0
252 430	195 431	224 150	Sal av overføringstenester	3,23	0	0	0
36 466	49 415	31 455	Andre driftsinntekter	4	49 098	43 001	38 551
720 533	770 313	831 879	SUM DRIFTSINNTEKTER		49 098	43 001	38 551
Driftskostnader:							
134 055	196 101	193 436	Kjøp av kraft	2	0	0	0
27 980	26 237	22 099	Kjøp av overføringstenester		0	0	0
120 216	136 512	142 131	Løn og sos. kostn.	5,19	31 743	26 670	22 941
-23 760	-26 662	-27 404	Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	5	-188	-265	-310
92 146	94 036	95 421	Avskrivningar	10	3 589	3 544	3 243
0	4 341	2 897	Nedskrivning	10	0	0	0
30 992	30 288	35 961	Eigedomsskatt/avgifter	7	279	235	150
87 485	120 974	104 890	Andre driftskostnader	5,6	22 025	21 135	13 721
469 114	581 827	569 430	SUM DRIFTSKOSTNADER		57 448	51 319	39 745
251 419	188 486	262 449	DRIFTSRESULTAT		-8 350	-8 318	-1 194
Finansielle poster:							
5 951	3 193	3 702	Inntekt frå investering i dotterselskap og tilknytt selskap	11	178 457	85 000	174 000
27 140	39 855	23 379	Finansinntekter	3,8,15	51 005	61 892	37 829
29 983	76 125	44 865	Finanskostnader	8,22	55 622	93 967	37 871
-3 108	33 077	17 785	NETTO FINANSKOSTNADER		-173 840	-52 925	-173 958
254 527	155 409	244 664	ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATT		165 490	44 607	172 764
68 799	47 280	70 823	Overskotsskatt	9	42 959	15 345	48 072
35 161	64 921	45 887	Grunnrenteskatt	9	0	0	0
103 960	112 201	116 710	SUM ORDINÆR SKATTEKOSTNAD		42 959	15 345	48 072
150 567	43 208	127 954	ORDINÆRT RESULTAT ETTER SKATT		122 531	29 262	124 692
-286	-3 685	-2 014	Av dette minoritetsandel				
150 853	46 893	129 968	Av dette SFE sin andel				
Overføringer:							
			Overført frå annan eigenkapital	17	33 038	-1 062	-180 767
			Foreslege utbytte	17	89 493	30 324	305 459
			SUM OVERFØRINGAR		122 531	29 262	124 692

BALANSE – EIGNELUTAR

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS				
2007	2008	2009	(Tal i 1000 kr)	Note	2009	2008	2007
ANLEGGSMIDLAR:							
Immaterielle eignelutar:							
0	0	0	Utsett skattefordel alminneleg inntekt	9	7 113	9 877	4 504
5 297	1 272	0	Utsett skattefordel grunnrenteinntekt	9	0	0	0
92 865	92 685	92 865	Fallrettar	10	0	0	0
203 024	197 709	192 034	Andre rettar	10	0	0	0
36 976	30 691	24 406	Goodwill	10	0	0	0
338 162	322 357	309 305	Sum immaterielle eignelutar		7 113	9 877	4 504
Varige driftsmidler:							
69 422	72 337	81 814	Div. anleggsaktiva	10	9 648	7 782	8 171
954 654	947 428	914 813	Kraftstasjonar		0	0	0
541 364	540 818	608 717	Nettanlegg	10,23	0	0	0
82 756	82 753	102 908	Faste eigedomar	10,21	74 425	52 678	52 175
46 088	68 300	28 674	Prosjekt under arbeid	10	243	4 713	3 829
1 694 284	1 711 636	1 736 926	Sum varige driftsmidler		84 316	65 173	64 175
Finansielle anleggsmidler:							
0	0	0	Investering i dotterselskap	11	1 223 348	1 223 348	1 230 787
35 253	38 446	43 371	Investering i tilknytt selskap	11	9 853	10 487	9 782
0	0	0	Lån til selskap i same konsern	13	645 000	660 000	660 000
15 804	13 238	25 576	Investeringar i aksjar og andelar	11	6 861	6 728	10 999
27 207	24 380	20 892	Utlån/Langsiktige fordringar	5, 12	12	2	102
78 264	76 064	89 839	Sum finansielle anleggsmidler		1 885 074	1 900 565	1 911 670
2 110 710	2 110 057	2 136 070	Sum anleggsmidler		1 976 503	1 975 615	1 980 349
OMLAUPSMIDLAR:							
10 518	10 714	12 229	Behaldning av driftsmateriell		0	0	0
Fordringar:							
143 086	142 716	109 958	Kundefordringar	13,21	584	502	1 259
138 877	109 142	118 727	Andre kortsiktige krav		256 454	206 682	243 410
281 963	251 858	228 685	Sum fordringar		257 038	207 184	244 669
93 127	16 588	4 364	Marknadsbaserte obligasjonar etc.	15	4 364	16 588	93 127
90 961	98 202	1 163 072	Kasse, bank etc.	16	1 108 808	1 087	1 564
476 569	377 362	1 408 350	Sum omlaupsmidler		1 370 210	224 859	339 360
2 587 279	2 487 419	3 544 420	SUM EIGNELUTAR		3 346 713	2 200 474	2 319 709

BALANSE – GJELD OG EIGENKAPITAL

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS				
2007	2008	2009	(Tal i 1000 kr)	Note	2009	2008	2007
Eigenkapital:							
Innskoten eigenkapital							
739611	739611	739611	Aksjekapital	17, 18	739611	739611	739611
59588	59588	59588	Overkursfond	17	59588	59588	59588
799199	799199	799199	Sum innskoten eigenkapital		799199	799199	799199
Opptent eigenkapital							
0	0	0	Annan eigenkapital	17	151780	115862	121117
280361	281451	329796	Konsernfond	17	0	0	0
280361	281451	329796	Sum opptent eigenkapital		151780	115862	121117
3875	204	-1693	Minoritetsinteresser	17	0	0	0
1083435	1080854	1127302	Sum eigenkapital		950979	915061	920316
Gjeld:							
Avsetting for forpliktingar:							
114859	137754	127538	Pensjonsforplikting	19	24460	28413	22513
88729	79486	94379	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	9	0	0	0
0	0	1143	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	9	0	0	0
42946	38446	34008	Avsetting for forpliktingar	20	0	0	0
246534	255686	257068	Sum avsetting for forpliktingar		24460	28413	22513
Langsiktig gjeld:							
570000	570000	450000	Obligasjonslån	20, 21	450000	570000	570000
0	0	0	Gjeld til selskap i same konsern	13, 20	200000	200000	200000
87981	8491	27360	Gjeld til kredittinstitusjonar	20, 21	27360	8491	68981
657981	578491	477360	Sum langsiktig gjeld		677360	778491	838981
Kortsiktig gjeld:							
0	218050	222434	Sertifikatlån/Gjeld til kredittinstitusjonar		203021	200000	0
667	983	879	Kassakreditt	21	0	0	0
54550	62938	36946	Leverandørgjeld	13	4844	5681	4028
102778	110363	102250	Betalbar skatt	9	41294	19088	47796
44397	56653	42547	Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc.		25116	41448	26094
305459	30324	89493	Avsett til utbytte	17	89493	30324	305459
91478	93077	1188141	Anna kortsiktig gjeld	13	1330146	181968	154522
599329	572388	1682690	Sum kortsiktig gjeld		1693914	478509	537899
1503844	1406565	2417118	Sum gjeld		2395734	1285413	1399393
2587279	2487419	3544420	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		3346713	2200474	2319709

KONTANTSTRAUMANALYSE

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS			
2007	2008	2009	(Tal i 1000 kr)	2009	2008	2007
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:						
254 527	155 409	244 664	Ordinært resultat før skattekostnad	165 490	44 607	172 764
-91 952	-102 835	-110 215	Betalte skattar i perioden	-19 109	-47 796	-11 491
92 146	94 036	95 421	Avskrivningar	3 589	3 544	3 243
0	4 341	2 897	Nedskrivningar	0	0	0
-5 351	-3 193	-3 856	Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytt selskap utan kontanteff	0	0	0
-4 827	-196	-1 515	Endring i beholdning av driftsmateriell	0	0	0
414	214	53	Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av aksjar og driftsmidler	0	244	0
0	2 400	1 001	Nedskrivning av aksjar	1 001	9 839	0
-23 198	370	32 758	Endring i kundefordringar	-82	757	9 298
-14 643	8 388	-25 992	Endring i leverandørgjeld	-837	1 653	1 150
10	76 539	12 224	Endring i kortsiktige finansplasseringar	12 224	76 539	10
791	432	366	Endring i pensjonsforpliktingar	46	77	215
-13 581	41 899	-27 059	Endring i andre tidsavgrensingspostar	-102 926	-94 473	-57 067
194 336	277 804	220 747	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	59 396	-5 010	118 122
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:						
-116 456	-108 452	-113 592	Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-22 730	-5 058	-12 232
2 144	4 452	1 718	Innbetalingar ved sal av varige driftsmidler	0	449	0
0	2 243	0	Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	0	2 214	0
-4 496	-2 223	-16 929	Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-500	-1 223	-510
0	0	0	Innbetaling frå utlån	-10	100	0
0	0	0	Innbetaling av avdrag frå døtrer	15 000	0	0
0	0	101	Effekt av innkonsolidering dotterselskap	0	0	0
-118 808	-103 980	-128 702	Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-8 240	-3 518	-12 742
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:						
187 980	0	173 869	Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	173 869	0	100 000
-123 021	-79 490	-275 000	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-275 000	-60 490	-110 250
667	218 366	1 104 384	Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	1 103 021	200 000	0
0	0	-104	Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	0	0	-50 818
0	0	0	Mottak av konsernbidrag	85 000	174 000	52 700
-96 149	-305 459	-30 324	Utbetaling av utbytte	-30 324	-305 459	-96 149
-30 523	-166 583	972 825	Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	1 056 566	8 051	-104 517
45 005	7 241	1 064 870	Netto endring i kontantar og ekvivalentar	1 107 722	-478	862
45 956	90 961	98 202	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	1 087	1 564	701
90 961	98 202	1 163 072	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	1 108 808	1 087	1 564

SEGMENTRESULTAT

(Tal i 1000 kr)	Kraft- produksjon	Monopol	Sluttbruk	Naturgass	Øvrig Verksemd	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:							
Sal av kraft	581 210	0	325 997	0	0	-330 932	576 274
Sal av overføringstenester	102	236 834	0	0	0	-12 786	224 150
Andre driftsinntekter	5 603	9 760	6 354	7 035	64 995	-62 292	31 455
Sum driftsinntekter	586 915	246 594	332 351	7 035	64 995	-406 009	831 879
Driftskostnader:							
Kjøp av kraft	190 386	22 207	306 204	0	0	-325 361	193 435
Kjøp av overføringstenester	15 279	19 318	0	0	0	-12 498	22 099
Løn og sos. kostn.	28 001	68 049	6 761	625	39 335	-640	142 131
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-1 645	-25 571	0	0	-188	0	-27 404
Avskrivningar	45 572	39 514	4 148	1 235	4 953	1	95 421
Nedskrivningar	0	0	0	2 896	0	0	2 897
Eigedomsskatt/avgifter	31 291	4 185	0	0	279	205	35 961
Andre driftskostnader	55 379	74 205	9 406	6 524	27 093	-67 717	104 890
Sum driftskostnader	364 263	201 907	326 519	11 280	71 473	-406 011	569 430
Driftsresultat	222 652	44 687	5 832	-4 245	-6 478	0	262 449

NOTAR TIL REKNESKAPEN

1. REKNESKAPSPRINSIPP

Sogn og Fjordane Energi AS og SFE sin konsernrekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapskikk i Noreg.

GRUNNLEGGANDE FORHOLD

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigardelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmende påverknad er konsolidert. Minoriteten sin del av resultatet etter skatt er presentert på eiga line. Felleskontrollerte verksemdar er presentert etter bruttometoden. Tilknytt selskap der konsernet har strategisk interesse og betydeleg påverknad og eigardel på 20–50% er vurdert etter eigenkapitalmetoden. Eigardelar som er definert som finansielle investeringar er vurdert etter kostmetoden uansett eigardelen sin storleik.

Årsrekneskapen for SFE konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dotterselskapa SFE Nett AS, SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, SFE Naturgass AS, Firdakraft AS og Svelgen Kraft Holding AS.

Desse selskapa er rekneskapen ført som tilknytt selskap til konsernet:

Selskap	Eigarandel
Innvik Kraftverk AS	30%
Fjord Miljøenergi AS	49,25%
Eninvest AS	38,75%
Fossheim Energiverk AS	30%
Liquipro AS	33,33%
Etrygg AS	50%

Det forelegg planar om at SFE sin eigarandel i Etrygg AS skal reduserast til 45%. Pga dette og fordi selskapet ikkje påverkar rekneskapet til konsernet vesentleg har vi valt å rekneskapsføre Etrygg AS som eit tilknytt selskap til konsernet.

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapa eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdiar av aksjane i dotterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapa er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eigedelane i dotterselskapa og vert avskrive planmessig. Meirverdi utover den som er fordelt til dei ulike eigedelane er aktivert som goodwill.

Rekneskapslova § 5-8 seier at ein del finansielle instrument og varederivat skal vurderast til verkeleg verdi. For SFE betyr dette at finansielle kraftkontraktar handla på Nord Pool som inngår i tradingportefølje er vurdert til verkeleg verdi. Det same gjeld finansielle omløpsmiddel som obligasjonar og sertifikat. Derimot er finansielle kraftkontraktar som inngår i ei sikringsportefølje ikkje vurdert til verkeleg verdi, men underlagt kontantstraumsikring. Denne sikringsbokføringa medfører at den finansielle kraftkontrakta vert rekneskapsført pararellt med avrekninga av kontrakta. Også inngåtte valutaterminar som skal sikre framtidige kontanstraumar i valuta er underlagt kontantstraumsikring. Rentederivat som ikkje er dedikerte sikringsinstrument mot låneportefølja er i samsvar med rekneskapslova §5-2 vurdert etter lågaste verdis prinsipp, medan rentederivat som er dedikert mot bestemte innlån er underlagt kontantstraumsikring.

SFE omset ein stor del av sin kraftproduksjon på Nord Pool. Finansiell og fysisk handel med kraft på Nord Pool er i Euro. SFE har vedteke ein valutastrategi som skal sikre handtering av valutarisikoen. I 2009 vart strategien endra slik at ein gjekk frå eit regime der ein viss andel av forventa euro-kontantstraum skulle valutasikrast til eit regime der euro-kontantstraum ikkje skal valutasikrast. SFE har likevel framleis nokre valutaterminar inngått under gamalt regime i si portefølje.

PRINSIPP FOR INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstillt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto og rekneskapsført på same line som sal av kraft. Effekten av valutaforhold er rekneskapsført på same line som kraftleveransen valutaresultatet knyter seg til.

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagde obligasjonslån. Som sikringsinstrument på låneportefølja nyttar SFE derivat som swapavtalar, renteopsjonar og F.R.A.-kontraktar.

Nettverksemda vert regulert av styresmaktene ved at Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Inntektsramma skal gje dekning for netteigars faktiske kostnader samt gje grunnlag for ei rimeleg avkasting på investert kapital.

NVE fastsett årleg inntektsramme for det enkelte nettselskap. Inntektsramma er det beløpet som NVE tillet at den enkelte konsesjonær kan krevje inn som nettleige frå sine kundar. Dei årlege inntektsrammene er gjevne ut frå parameter som nettselskapet sitt kostnadsnivå, kostnadsnivået til samanliknbare nettselskap, kraftpris, rentenivå, verdien av nettanlegga, feilstatistikk og generell prisstiging. Kraft som ikkje kjem fram til kundar ved feilsituasjonar blir verdsett etter ein samfunnsøkonomisk pris. Kvart år vert kostnaden ved avbrot rekneskapsmessig kostnadsført og reduserer inntektsramma som nettselskapet kan krevje inn frå kundane.

Kvart år vert avviket mellom faktiske innkrevd inntekt frå kundane og tilleten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane. Akkumulert meir-/mindreinntekt vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt skjer gjennom justering av nettarrifane.

Akkumulert meir-/mindreinntekt vert balanseført og bokført netto som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV BALANSEPOSTAR

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaupsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadverdi. Unntak frå dette er finansielle omlaupsmiddel som inngår i ei handelsportefølje.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Postar som er av uvanleg karakter og av ein slik art at dei ikkje inntre ofte eller regelmessig, vert klassifiserte som ekstraordinære dersom dei beløpsmessig er vesentlege for konsernet.

IMMATERIELLE EIGEDLAR

Det er aktivert goodwill som er knytt til verdi av kundemasse som kom inn gjennom fusjonen mellom Ytre Fjordane Kraftlag AS og Sogn og Fjordane Energi AS 01.01.03. Ut frå stabiliteten i kundemassen vil desse verdiane bli avskrivne lineært over 10 år. Dette er også i samsvar med perioden som er lagt til grunn ved verdisettinga av selskapa.

Det er også aktivert goodwill knytt til tidlegare oppkjøp. Denne goodwillen er knytt til synergiar ved drifting av selskapa samla. Dette er drifting av kraft- og nettanlegg med lang levetid. Goodwillen knytt til dette oppkjøpet vert derfor avskrive over 15 år frå oppkjøpstidspunktet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL OG AVSKRIVNINGAR

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivningar, medan det for større investeringar vert starta avskrivningar den månaden driftsmiddelet vert teke i bruk. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert bygge-lånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med bygge-lånsrenter. Motteke anleggsbidrag går til frådrag i kostpris på driftsmiddelet. Vedlikehaldsutgifter vert kostnadsførte når utgifta vert betalt.

BEHALDNING AV DRIFSMATERIELL

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepreis frå leverandør. I rekneskapet er det avsett for ukurans.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein spesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

PENSJONAR

SFE rekneskapsfører pensjon etter NRS 6A. Årlege estimatavvik vert balanseført mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad ved utløpet av forrige rekneskapsår dannar grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen. Løysinga er under IAS 19 omtalt som SORIE løysinga. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Arbeidsgjeveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

GODTGJERSLER

SFE utbetalar godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnyttta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

ANDEL I ANDRE KRAFTVERK

SFE Produksjon AS eig ein del i Leirdøla kraftverk på 35%. Leirdøla inngår i rekneskapen etter bruttometoden. Avskrivningane inngår i posten

avskrivningar i rekneskapen. Sal av kraft frå Leirdøla er inkludert i posten sal av kraft, og driftskostnader for SFE Produksjon AS sin del er inkludert i posten andre driftskostnader. Grunnrente-, naturressurs- og eigedomsskatten for Leirdøla vert utlikna på SFE Produksjon AS si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

LEIGDE KRAFTVERK

SFE Produksjon AS leiger kraftverka Eidsfossen, Trysilfossen og Egebøfossen med Gloppen kommune. Leigekontrakten går over 20 år frå 01.01.95. Det er betalt ei forskotsleige på 65 millionar kroner. Denne forskotsleiga er ført i balansen som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigebeløpet vert årleg kostnadsført. Reinvesteringar vert aktivert i balansen som avskrivbare anleggsmiddel i samsvar med leigekontrakten med Gloppen kommune. Sal av kraft frå dei leigde stasjonane inngår i posten sal av kraft. Gjennom Høgsterettsdom i 2005 er SFE Produksjon AS tillagt skatteplikta for naturressurs- og grunnrenteskatt for desse kraftverka.

KONSESJONSKRAFT

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft frå enkelte kraftverk i fylket. SFE handterer konsesjonskrafta på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune for fylket si rekning og risiko. Avtala mellom SFE og fylkeskommunen har ein slik oppseiingsklausul at SFE ikkje har risiko knytt til kvantum SFE har prissikra for fylkeskommunen. Inntekter og kostnader knytt til konsesjonskrafta er såleis rekneskapsført hos Sogn og Fjordane fylkeskommune og ligg ikkje inne i SFE sitt resultatrekneskap.

MAGASINFYLING

I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

KRAFTKONTRAKTAR

Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftkontraktane er delt inn i tre porteføljer. Ei produksjonsportefølje, ei tradingportefølje og ei sluttbrukportefølje. Kvar portefølje vert vurdert for seg med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarande volum og samanfallande leveringsperiodar.

Produksjonsportefølja:

Produksjonsportefølja inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontraktar som er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontraktar. Også sals- og kjøpsopsjonar inngår i produksjonsportefølja. For kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering for neste år vert same sesong samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. For kraftkontraktar med levering seinare enn neste år vert same år samanstilt og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

SFE Produksjon AS handlar finansielle instrument, primært på Nord Pool, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljene. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på Nord Pool. Det vert også handla forwards og opsjonar bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggende produktet, med unntak av opsjonar for påfølgande år som på balansetidspunktet var verdilause. Opsjonane som hadde innløysing i desember i rekneskapsåret, men som på dette tidspunktet var verdilause er kostnadsført i samsvar med lågaste verdis prinsipp.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Sluttbrukportefølja:

Sluttbrukportefølja inneheld alle kontraktar ut til sluttkundar og pris-sikringa som er gjort av desse kontraktane. Kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering i same periode vert samanstilt etter porteføljepri-sippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Tradingportefølja:

Tradingportefølja inneheld alle sals- og kjøpskontraktar som ikkje er inn-gått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering i same perio-de vert samanstilt etter porteføljepri-sippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert inntektsført. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto og rekne-skapsført på same line som sal av kraft.

FINANSIELLE OMLAUPSMIDDEL SOM INNGÅR I HANDESPORTEFØLJE

SFE har ei handelsportefølja med verdipapir som sertifikat og obliga-sjonar. Denne handels-portefølja er i balansen vurdert til verkeleg verdi i samsvar med rekneskapslova § 5-8.

PRINSIPP FOR KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i føretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontant-straumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverk-semda.

AKSJAR I DOTTERSelskap OG TILKNYTTA SELSKAP

Investeringar i dotterselskap og tilknyttat selskap er i selskapsrekneska-pen vurdert etter kostmetoden. I konsernrekneskapskapen er dotterselskap konsolidert og tilknyttat selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

SKATTAR

SFE betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt.

OVERSKOTSSKATT

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skatte-kostnaden i resultatrekneskapskapen er samansett av betalbar skatt og end-ring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

GRUNNRENTESKATT

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Negativ grunnrenteskattgrunnlag som har oppstått fom for eit kraftverk kan overførast til anna kraftverk eller kan utbetalast. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkast-inga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følgje av at

produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis over-skotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forplikting 31.12.2009 er det brukt nominell skattesats på 30%. I sam-svar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidi-ge skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt eller som våre prognoser seier vil vere i betalbar posisjon i løpet av ein 10-års periode. Utsett skatt for-del/forplikting på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraft-verk.

NATURRESSURSSKATT

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdiset gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapskapen er eige-domsskatten teken med som ein driftskostnad.

2. KRAFTPRODUKSJON, KRAFTSAL OG KRAFTKJØP

Kraftproduksjon 2009

	Konsern		
	2009	2008	2007
Årets produksjon	1.418 GWh	1.401 GWh	1 622 GWh
Midlare årsproduksjon	1.380 GWh	1 380 GWh	1 380 GWh

Produksjonstala inkluderer ikkje tilknytt selskap. Midlare årsproduksjon er simulert etter tilsigsserien 1989–2005.

	31.12.09	31.12.08	31.12.07	31.12.06	31.12.05	31.12.04
Magasinbeholdning (GWh)	383	369	402	422	429	425
Andel av magasin kapasitet	64%	62%	68%	69%	70%	70%

Magasintala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

Kraftsal og kraftkjøp:

Vurderingar som er gjort 31.12.09 viser at det ikkje er grunnlag for å avsette noko i sluttbrukportefølja for urealiserte tap. I sikringsportefølja er det ikkje grunnlag for å måtte setje av for urealiserte tap. Trading- og tilpasningsportefølja vert rekneskapsført til verkeleg verdi. Pr. 31.12.09 er det ein urealisert vinst på kr 23 245 000. Tilsvarande var det pr. 31.12.2008 eit urealisert tap på kr 22 016 000. Auken i urealiserte verdier er inntektsført i 2009.

3. NETTDRIFT, MEIR- / MINDREINNTJEKT, AVKASTING OG AVSETNING

Beløp i 1 000 kr	Sum mindreinntekt nettleige
Saldo 31.12.08	53 600
Rentesaldo	24 781
Balansført inkl. renter pr 31.12.08	78 381
+ Korrigering mindreinntekt 2009	906
Utestående mindreinntekt frå tidl. år	79 287
- Endring mindreinntekt i 2009	-571
+ Årets renteavsetning mindreinntekt	897
- Årets KILE-kostnad	-5 859
Sum balansført 31.12.09	73 754

Segmentinformasjon nettdrift

Beløp i 1 000 kr	
Nettinntekt 2009	217 035
Inntektsramme 2009	216 464
Meirinntekt 2009	571
Driftsresultat nettdrift	44 687
+ Korr meiravskrivning utanom inntektsramme	3 952
Driftsresultat nettdrift etter inntektsramme	48 639
Grunnlag for kapitalavkastning	687 700
Avkastning i %	7,073%

NVE si referanserate for 2009 er sett til 6,19%

4. ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Beløp i 1000 kr	Mor		
	2009	2008	2007
Husleigeinntekter	2 066	2 118	1 984
Driftsinntekter	1 795	2 139	1 859
Sal av tenester konserninternt	45 237	38 743	34 708
Sum driftsinntekter	49 098	43 001	38 551

5. LØNSKOSTNADER, ANTALL TILSETTE, GODTGJERINGAR M.M

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Løn	20 252	17 276	14 629	107 323	100 350	91 111
Arbeidsgjevaravgift	2 351	2 201	1 865	13 044	12 884	11 358
Pensjonskostnader	4 778	2 822	2 667	15 386	16 267	13 477
Andre ytingar	4 362	4 371	3 781	6 379	7 011	4 270
Sum brutto lønskostnader	31 743	26 670	22 941	142 132	136 512	120 216
Aktivering av egne tilverka driftsmiddel	-188	-265	-310	-27 404	-26 662	-23 760
Sum	31 555	26 405	22 631	114 728	109 850	96 456
Gjennomsnittleg antall årsverk	32	31	31	205	202	193
Antall menn	19	18	19	170	166	158
Antall kvinner	13	13	12	35	36	35

Ytingar til leiande tilsette

Beløp i 1000 kr	Løn	Pensjons utgifter	Anna godtgjering	Sum
Konsernsjef Ole Schanke Eikum	1 224	103	56	1 383
Økonomidirektør Kjartan Aa Berge	846	79	2	927
Produksjonsdirektør Ola Lingaas	928	156	1	1 085
Kraftdirektør Bjarne Dybvik	817	91	6	914
Nettdirektør Asgeir Aase	936	102	6	1 044
Gassdirektør Asle Grotle	750	29	2	781
Personalsjef Ole Bent Søreide	665	98	2	765

Ytingar til konsernstyret

Beløp i 1000 kr	Styregodtgjersle	Anna godtgjering	Sum
Styreleiar Arvid Lillehaug	110	0	110
Nestleiar Birger C. Schønberg	0	0	0
Kristin Linnerud	52	0	52
Per Atle Kjøllesdal	52	24	76
Mathias Råheim	52	14	66
Bente Frøyen Steindal	52	0	52
Oddmund Årdal	52	0	52
Geir Magne Evebø	52	0	52
Stig Solheim	26	0	26

Styregodtgjersla Birger C. Schønberg har rett til skal utbetalt til Schønberg sin arbeidsgjevar. Overfor styret føreligg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Ingen av dei leiande tilsette har særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Konsernsjefen er tilsett på fastløn og har ikkje avtale om bonus. Dei øvrige leiande personane har same avtale om bonus som andre tilsette i konsernet. Pensjonsvilkåra er på lik line med andre tilsette.

Kostnader til revisor:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Revisjonshonorar	134	108	110	574	512	494
Attestasjonstenester	0	0	0	19	13	8
Andre tenester utanfor revisjonen	50	67	123	699	87	133
Tenester frå samarbeidande selskap	145	75	118	237	106	129
Sum	329	249	351	1 529	718	764

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Auken i andre tenester frå Deloitte, gjeld bistand i samband med kjøp av Elkem Energi Bremanger as.

Lån og garantiar til fordel for:

Beløp i 1000 kr	Lån	Garantiar
Tilsette i SFE-konsernet	576	0
Adm.dir, aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0
Nærstående til aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0

Lån tilsette har løpetid utover 1 år.

6. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Reparasjonar og vedlikehald	3658	4030	2686	45134	41200	32448
Forsikringar	177	156	271	2464	2717	2451
Leigekostnader	1369	1252	940	5528	7238	6205
Andre driftskostnader	16821	15697	9824	51764	69819	46381
Sum andre driftskostnader	22025	21135	13721	104890	120974	87485

7. EIGEDOMSSKATT, AVGIFTER OG GODTGJERSLER

Beløp i 1000 kr	Konsern		
	2009	2008	2007
Konsesjons- og tilsynsavgifter	7024	6876	6853
Konsesjonspålagde tiltak	900	617	567
Erstatningar	838	1410	406
Frikraftutbetalingar	4555	3322	2832
Reduksjon i forpliktingar	-200	-4400	0
Eigedomsskatt	22844	22464	20334
Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler	35961	30288	30992

SFE er eit 100% offentleg eigd selskap og såleis er ikkje SFE sine kraftstasjonar utsett for heimfall til staten. Gjennom disponering av fallrettar i utbygde og ikkje utbygde vassdrag har SFE teke på seg forpliktingar ved å betale årlege godtgjersler.

8. FINANSKOSTNADER OG -INNTEKTER

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Rentekostnader	44 360	76 098	27 599	43 687	70 729	29 685
Andre finanskostnader	1 178	190	298	1 178	190	298
Rentekostnad til foretak i same konsern	10 084	12 473	9 974			
Verdiendring på finansielle omløpsmidlar		5 206			5 206	
Sum finanskostnader	55 622	93 967	37 871	44 865	76 125	29 983

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentlig utlagte obligasjonslån og sertifikatlån. For å styre netto rentekostnad nyttar SFE rentederivat som t.d. swap-avtaler. Rentederivat som ikkje tilfredsstillar krava til sikringsbokføring vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet medan for rentederivat som tilfredsstillar krava til sikringsbokføring blir løpande resultat av sikringa bokført saman med rentekostnader for det underliggende sikringsobjektet (lånet). SFE har rentederivat som blir bokført etter begge prinsippa. Pr 31.12.09 er det eit urealisert tap på rentederivat på 0,5 MNOK som ikkje tilfredsstillar krava til sikringsbokføring og dette er derfor kostnadsført.

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Renteinntekt frå foretak i same konsern	32 658	44 912	34 371		0	0
Verdiendring på finansielle omløpsmidlar	4 079	0	1 747	4 079	0	1 747
Andre finansinntekter	14 268	16 980	1 711	19 300	39 855	25 393
Sum finansinntekter	51 005	61 892	37 829	23 379	39 855	27 140

9. SKATTAR

9a) Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt.

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	Mor		
	2009	2008	2007
Resultat før skattekostnad	165 490	44 607	172 764
Permanente skilnader	-3 146	15 477	135
Endring i midlertidige skilnader	-1 794	8 161	-2 199
Konsernbidrag utan skattemessig effekt	-13 000		
Grunnlag betalbar skatt	147 550	68 245	170 700
28% Betalbar skatt på årets resultat	41 314	19 109	47 796

9b) Grunnlag for berekning av utsett skatt og brukt skattesats.

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	31.12.09	31.12.08	31.12.07	31.12.09	31.12.08	31.12.07
Anleggsmidlar	-1 128	-206	-318	-114 246	-117 591	-106 939
Omløpsmidlar	613	1 755	298	975	2 475	1 072
Pensjonsforplikting	6 849	7 956	6 304	35 711	38 571	32 160
Langsiktig gjeld	0	0	0	2 969	2 772	4 004
Kortsiktig gjeld	779	372	-1 779	-22 620	-11 722	-25 864
Framførbart underskot	0	0	0	5 554	4 842	3 428
Sum	7 113	9 877	4 504	-91 656	-80 653	-92 139
Ikkje balanseført utsett skatt	0	0	0	-2 722	1 165	3 410
Netto utsett fordel/gjeld i (-)balansen	7 113	9 877	4 504	-94 379	-79 486	-88 729

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

Midlertidige skilnader knytt til berekning av skattekostnad på grunnrenteinntekt:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	31.12.09	31.12.08	31.12.07	31.12.09	31.12.08	31.12.07
Anleggsmidler	0	0	0	-12792	-12538	-12815
Pensjonsforpliktning	0	0	0	3410	3249	2526
Negativ grunnrenteinntekt	0	0	0	11029	13169	17500
Netto utsett fordel/gjeld i (-) balansen	0	0	0	-1143	1271	5297

Kraftstasjonane Øvre Markevatn, Nedre Markevatn, Oslandsbotn, Stongfjorden, Skorge Trysilfossen, Evebøfossen, Dauremål og Bjørndalen er under 5.500 kVA installert merkeyting og såleis fritekne for grunnrenteskatt.

Kraftverka som det vert rekna utsett grunnrenteskatt på er Åskåra I, Åskåra II, Leirdøla, Eidsfossen, Sagefossen, Skogheim og Øksenelvane. Dette er kraftverk som anten er i betalbar posisjon for grunnrenteskatt eller som er venta å kome i slik posisjon i løpet av 10 år.

9c) Spesifikasjon av skattekostnaden:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt						
Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt	41314	19109	47796	52662	61784	67549
Effekt av SkatteFunn ordning	0	-20	0	-12	-35	-17
For mykje/lite avsett skatt tidlegare år	0	0	-164	-170	13	-702
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	2764	-5373	-1101	21256	-20781	-4755
Endring utsett skatt ført direkte mot EK (pensjon)	-1120	1630	1541	-2914	6299	6724
Perioden sin skattekostnad på alm. inntekt/naturressursskatt	42959	15345	48072	70823	47280	68799
Grunnrenteskatt						
Årets betalbare skatt på grunnrenteinntekt	0	0	0	43257	60145	34807
Endring utsett skattefordel grunnrenteinntekt	0	0	0	2414	4026	3356
For mykje/lite avsett skattekostnad frå tidlegare år	0	0	0	0	52	-3328
Endring utsett grunnrenteskatt direkte mot EK (pensjon)	0	0	0	216	698	326
Perioden sin skattekostnad på grunnrenteinntekt	0	0	0	45887	64921	35161
Perioden sin totale skattekostnad	42959	15346	48072	116710	112201	103960

9d) Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Betalbar skatt på årets alm.inntekt	41294	19088	47796	59012	50218	68226
Skuldig betalbar skatt frå tidl år	-20	0	0	-20	0	-254
Betalbar grunnrenteskatt	0	0	0	43257	60145	34806
Skuldig betalbar skatt i balansen	41294	19088	47796	102250	110363	102778

10A IMMATERIELLE EIGEDELAR

Konsern	Fallrett	Goodwill	Andre rettar	Sum immaterielle egedelar
Anskaffelseskost 01.01.09	92 865	72 342	237 848	403 055
Tilgang 2009	0	0	0	0
Avgang 2009	0	0	0	0
Nedskrivning 2009		0	0	0
Akkumulert avskrivning 31.12.09	0	47 936	45 814	93 750
Balanseført verdi 31.12.09	92 865	24 406	192 034	309 305
Årets ordinære av- og nedskrivningar	0	6 285	5 495	11 780
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	Uendeleg	12 år	43 år	

Goodwill-verdier spesifisert på virksomhetskjøp:

Konsern	Synergjar Firdakraft AS	Kundemasse Gloppen Energiverk AS	Kundemasse Ytre Fjordane Kraftlag AS	Sum Goodwill
Tidspunkt for oppkjøp	2000	2001	2003	
Anskaffelseskost 01.01.2009	33 449	4 400	34 492	72 341
Tilgang 2009	0	0	0	0
Avgang 2009	0	0	0	0
Nedskrivning 2009	0	0	0	0
Akkumulert avskrivning 31.12.09	20 271	3 520	24 144	47 935
Balanseført verdi 31.12.09	13 178	880	10 348	24 406
Årets ordinære av- og nedskrivningar	2 396	440	3 449	6 285
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	15 år	10 år	10 år	

Goodwill-verdien skriv seg frå kostnadsreduksjonar (synergjar) gjennom oppkjøpet av Firdakraft AS og drift av anleggsmidlane samla. Anleggsmidlane det her er tale om er kraft-stasjonar og nettanlegg med lang levetid slik at synergieffektane vil ha ein varighet på minst 15 år. I tillegg er det kundemasse som kom inn i konsernrekneskapen gjennom fusjonen med YFK og kjøpet av Gloppen Energiverk AS. Lojaliteten i kundemassen er slik at 10 års avskrivningstid er vurdert til å vere korrekt.

10B VARIGE DRIFTSMIDDEL

Mor	Inventar, utstyr, materiell	Adm.bygg	Bustadhus, tomter og hytter	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 31.12.08	22 173	61 962	3 696	4 713	92 544
Tilgang kjøpte driftsmiddel 2009	3 764	23 248	0	22 732	49 744
Tilgang eigentlv. driftsmiddel 2009	0	188	0	0	188
Herav balanseførte lånekostnader	0	300	0	0	300
Avgang 2009	0	0	0	27 202	27 202
Akkumulert avskrivning 31.12.09	16 289	14 670	0	0	30 844
Balanseført verdi 31.12.08	9 648	70 728	3 696	243	84 315
Årets ordinære avskrivningar	1 900	1 689	0	0	3 589
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	6,3 år	41,5 år			

Konsern	Kraftstasjoner	S-nettsanlegg	Hovudfordelingsanlegg	For-delingsanlegg	Fiber-/Rør-anlegg	Gass-terminal for LNG	Inventar og utstyr	Tomtar og bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 01.01.2009	1 371 472	127 400	261 509	627 995	22 476	23 298	100 244	115 252	68 301	2 717 947
Tilgang kjøpte anleggsmidler 2009	5 588	812	40 809	53 077	467	0	21 381	23 338	53 062	198 534
Tilgang eige tilv. anleggsmidler 2009	544	5	1 907	16 004	49	0	666	199	8 029	27 403
Herav balanseførte lånekostnader	0	0	590	312	0	0	130	300	0	1 332
Avgang 2009	849	5 174	6 452	0		0	56	923	100 718	114 172
Akk. avskrivning/ nedskrivning 31.12.09	461 942	37 520	161 183	310 472	12 224	6 424	68 064	34 957	0	1 092 786
Balanseført verdi 31.12.09	914 813	85 523	136 590	386 604	10 768	16 874	54 171	102 908	28 674	1 736 925
Årets ordinære avskrivninger	37 898	5 057	6 764	21 266	1 102	1 105	7 992	2 457	0	83 641
Årets nedskrivning					1 802	872	223			2 897
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	36 år	25 år	35 år	30 år	20 år	21 år	12 år	50 år		

11. INVESTERINGAR I AKSJAR, DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

Beløp i 1000 kr	Mor		
	Forretningskontor	Eigardel/stemmeandel SFE	Balanseført verdi
Fjord Invest AS	Førde	6,9%	5 207
Fjord Invest Sørvest AS	Førde	6,1%	1 500
Andre selskap		9,8–14,3%	154
Sum andre aksjer			6 861
Eninvest	Førde	38,7%	9 782
Liquipro AS	Florø	33,33%	71
Sum tilknytt selskap			9 853
Aksjar i dotterselskap:			
SFE Kraft AS	Sandane	100%	135 787
SFE Nett AS	Flora	100%	264 562
SFE Produksjon AS	Sandane	100%	822 999
SFE Naturgass AS	Sandane	60%	0
Sum aksjar i dotterselskap			1 223 348
Sum aksjar			1 240 062

Beløp i 1000 kr	Konsern		
	Eigardel/stemmeandel SFE	Anskaffelseskostnad	Balanseført verdi
Fjord Invest AS	6,9%	7 975	5 207
Fjord Invest Sørvest AS	6,1%	1 000	1 500
Vestavind Kraft AS	14,3%	9 150	9 150
Vestavind Offshore AS	6,5%	9 035	9 035
Bremangerlandet Vindpark	18,8%	226	226
Andre selskap	3–16,7%	458	458
Sum andre aksjar		27 844	25 576

Tilknyttta selskap i konsernet:

	Fossheim Energiverk AS	Enivest AS	Innvik Kraftverk AS	Fjord Miljøenergi AS	Etrygg AS	Liquipro AS	Totalt
Forretningskontor	Jølster	Førde	Stryn	Vågsøy	Flora	Flora	
Eigarandel	30,0%	38,7%	30,0%	49,3%	50%	33,3%	
Stemmeandel	30,0%	38,7%	30,0%	49,3%	50%	33,3%	
Balanse 31.12.08	12382	6294	17348	2423	0	0	38446
Tilgang i året	0	0	0	248	750	705	1703
Andel årets resultat	1488	3659	248	-105	-572	-154	5136
Avskrivning på meirverdiar	-45	-122	0	0	0	0	-167
Nedskrivning av aksjeverdi	0	0	0	0	0	-480	-480
Motteke aksjeutbytte	-696	0	0	0	0	0	-696
Utgåande balanse	13129	9831	17596	2566	178	71	43371

12. UTLÅN/LANGSIKTIGE FORDRINGAR

Beløp i 1000 kr	Konsern		
	2009	2008	2007
Leigeavtale kraftstasjonar	16 578	19 894	23 209
Aktiverte kostnader leigde lokaler	579	728	878
Andre langsiktige fordringar	3 735	3 758	3 120
Sum utlån/langsiktige fordringar	20 892	24 380	27 207

13. MELLOMVERANDE MELLOM SELSKAP I SAME KONSERN

Mor

Beløp i 1000 kr	Kundefordringar			Andre kortsiktige fordr.			Utlån		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Foretak i same konsern	2 637	3 023	431	251 190	201 372	238 608	645 000	660 000	660 000
Sum	2 637	3 023	431	251 190	201 372	238 608	645 000	660 000	660 000

Beløp i 1000 kr	Leverandørgjeld			Anna kortsiktig gjeld			Langsiktig gjeld		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Foretak i same konsern	424	219	76	201 547	163 453	135 411	200 000	200 000	200 000
Sum	424	219	76	201 547	163 453	135 411	200 000	200 000	200 000

Av anna kortsiktig gjeld er 1.100 mill kr kortsiktig lån som mellomfinansiering av kjøpet av aksjane i Elkem Energi Bremanger AS. Dette lånet hadde forfall 17.03.2010 og vart innfridd på forfallsdato. SFE har etablert permanent finansiering av dette aksjekjøpet gjennom opptak av obligasjonsgjeld og sertifikatlån etter balansedato.

14. ANDRE KORTSIKTIGE KRAV

Fordringar med forfall seinare enn eitt år:

Beløp i 1000 kr	Konsern		
	2009	2008	2007
Driftskonto hos Statkraft	1 114	1 114	1 114
Sum	1 114	1 114	1 114

15. FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Som kraftprodusent er SFE utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert SFE sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørger for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt SFE handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på Nord Pool og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg handlar SFE sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål.

Av middelproduksjonen på 1.380 GWh og 230 GWh fysisk kjøp til fastpris i 2010, er følgjande volum prissikra framover i tid og underlagt kontantstrømssikring:

Årstal	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016-2020
Volum i GWh	1 160	781	289	118	118	118	213
Marknadsverdi sikring i mill. kr	-88	-104	-30	-6	-6	-6	-20

Beløp i 1000 kr	Kjøpsverdi	Pålydande valuta	Bokført verdi	Marknadsverdi
Renteberande sertifikat og obligasjonar	7 040	NOK	4 850	4 850
Marknadsverdi av rentebytteavtalar		NOK	-486	-486
Sum	7 040	NOK	4 364	4 364

Rentebytteavtalene er vurdert som lett omsettelege til kontantar og derfor vurdert til verkeleg verdi og klassifisert saman med sertifikat og obligasjonar. SFE har også ein rentebytteavtale der sikringsbokføring blir nytta då det for denne avtale er etablert ein sikringsrelasjon som tilfredsstillar krava til sikringsbokføring.

SFE har pr 31.12.2009 følgjande rentebytteavtalar:

Rentebytteavtalar per 31.12.2008	Beløp (mill. kr)	Start	Slutt	SFE mottek	SFE betalar	Rekneskaps prinsipp
Swap 1	30	2005	2010	6 mnd Nibor	5,05%	Verkeleg verdi
Swap 2	30	2005	2010	6 mnd Nibor	3,729%	Verkeleg verdi
Swap 3	30	2005	2010	6 mnd Nibor	3,83%	Verkeleg verdi
Swap 4	100	2009	2012	4,65%	6 mnd Nibor +1,45%	Sikringsbokføring

16. BANK, POST

Posten er samansett slik:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	31.12.09	31.12.08	31.12.07	31.12.09	31.12.08	31.12.07
Forskotstrekk	1 070	1 003	771	5 320	5 354	4 648
Bankinnskott depotkto.				49 913	92 765	16 300
Øvrige bankkonti	1 107 738	84	793	1 107 839	184 296	1 032
Kasse	0	0	0	0	0	0
Sum	1 108 808	1 087	1 564	1 163 072	282 415	21 980

Av dette er kr 1 070 000 bundne skattetrekksmidlar for mor og kr 5 320 000 for konsernet. På depotkonto i SFE Produksjon AS er kr 49 913 000,- bunde til fordel for Nord Pool og Statnett.

Konsernet har ein kassekreditt på 100 mill. der 27,4 mill. er nytta pr 31.12.2009. Konsernet har også ein trekkrett med ei ramme på 100 mill. der heile ramma er trekt opp pr 31.12.2009.

17. EIGENKAPITAL

Eigenkapitalen er endra slik frå 31.12.2008 til 31.12.2009:

Mor

Beløp i 1000 kr	Aksjekapital	Overkursfond	Annan egenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2008	739611	59588	115862	915061
Endring pensjonsforpl ført mot ek	0	0	2880	2880
Årets resultat	0	0	122531	122531
Foreslege utbytte	0	0	89493	89493
Eigenkapital 31.12.2009	739611	59588	151780	950979

Konsern

Beløp i 1000 kr	Aksje-kapital	Overkursfond	Konsernfond	Minoritets-interesser	Sum
Eigenkapital 31.12.2008	739611	59588	281451	204	1080854
Endring pensjonsforpl. ført mot EK	0		7813	72	7885
Innkonsolidering av dotter			57	45	102
Årets resultat	0	0	129968	-2014	127954
Foreslege utbytte	0	0	89493		89493
Eigenkapital 31.12.2009	739611	59588	329796	-1693	1127302

18. AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON

Aksjonærer 31.12.2009	A-Aksjar	B-Aksjar	Sum aksjar	Sum pålydande	Eigar-andel
Sogn og Fjordane fylkeskommune	2373936	1186966	3560902	356090200	48,15%
Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap AS	1900275	950138	2850413	285041300	38,54%
Flora kommune	222421	111211	333632	33363200	4,51%
Gloppen kommune	1341	670	2011	201100	0,03%
Gloppen Energi AS	164296	82148	246444	24644400	3,33%
Bremanger kommune	118383	59192	177575	17757500	2,40%
Askvoll kommune	70860	35430	106290	10629000	1,44%
Selje kommune	68398	34201	102599	10259900	1,39%
Eid kommune	7135	3568	10703	1070300	0,14%
Naustdal kommune	3690	1846	5536	553600	0,07%
Totalt	4930735	2465370	7396105	739610500	

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Forøvrig er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane.

19. PENSJONSKOSTNADER OG -FORPLIKTINGAR

SFE si pensjonsordning omfattar i alt 39 tilsette, 14 pensjonistar og 17 oppsette for morselskapet, og 203 tilsette, 123 pensjonistar og 87 oppsette for konsernet. SFE har plikt til å ha Obligatorisk Teneste Pensjon (OTP) for dei tilsette. Dette er kravet er innfridd gjennom ytelsesbasert pensjonsordning.

SFE er medlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Norsk RekneskapsStiftelse har slege fast at pensjonsordninga i KLP skal handsamast som «Multiemployer plans». Utviklinga i internasjonale rekneskapsstandardar har gått i retning av at «Multiemployer plans» stort sett vert rekneskapsført i tråd med reglar som gjeld for ytelsesplanar med balanseføring av pensjonsforplikting eller pensjonsmidlar og kostnadsføring av perioden si opptening. KLP har berekna pensjonsforpliktingane i SFE i henhold til norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Når det gjeld AFP-ordninga har SFE denne i LO/NHO-ordninga. Arbeidsgjevar betaler inn ein kontingent til LO/NHO-ordninga basert på antall årsværk. For tilsette som tek ut AFP betaler arbeidsgjevar ein eigenandel på 25% medan det vert gjeve eit statstilskot på 40%. I nedanforståande talmateriale er AFP slege saman med tenestepensjonsordninga.

Følgjande føresetnader er brukt i berekningane:

	2009	2008	2007
Årleg avkastning	5,70%	5,80%	5,75%
Diskonteringsrente	4,50%	3,80%	4,70%
Årleg lønsvekst	4,25%	3,75%	4,25%
Årleg vekst G-beløp	4,25%	3,75%	4,25%

SFE har nytta føresetnadane frå Rekneskapsstiftinga si rettleiing pr januar 2010, med unntak for årleg lønsvekst som er lagt 0,25% lågare. Grunnen til dette er alderssamansettinga i konsernet med høg gjennomsnittsalder som tilseier eit lågare karrieretillegg enn gjennomsnittleg.

Uttaksandel AFP pr aldersgruppe:

	2009	2008	2007
62 år	20%	20%	20%
63 år	30%	30%	30%
64 år	40%	40%	40%
65 år	50%	50%	50%
66 år	60%	60%	60%

Turnover er berre teke omsyn til i forhold til AFP-ytningar. Det er lagt til grunn at turn over utgjir 20% for gruppa under 20 år og at den vert avtrappa frå 8% frå gruppa 20 – 23 år til 1% for gruppa 46 – 50 år. For gruppa over 50 år vert det ikkje rekne med turnover.

Pensjonskostnad:

	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Beløp i 1000 kr						
Årets pensjonsopptening	2343	2103	1871	13123	11705	10275
Rente- og adm.kostnad	2494	2775	2226	12851	14145	11452
Avkastning pensjonsmidlar	2045	2014	1706	10757	10221	8604
Netto pensjonskostnad	2791	2864	2391	15217	15629	13123
Arbeidsgj.avg	296	304	253	1613	1657	1391
Rekneskapsført pensjonskostnad	3087	3168	2644	16830	17286	14513
Estimatavvik	-196	-92	-237	-1641	-230	-873
Betalt premie inkl arbeidsgj.avg	2891	3076	2407	15189	17056	13640

	Mor			Konsern		
	2009	2008	2007	2009	2008	2007
Beløp i 1000 kr						
Pensjonsforplikting	60416	60177	54532	317295	307113	277530
Verdi av pensjonsmidlar	38300	34487	34177	201980	182561	173680
Netto forplikting	22116	25689	20355	115315	124552	103851
Arb.gj avg	2344	2723	2158	12223	13203	11008
Netto forplikting inkl avg.	24460	28413	22513	127538	137755	114859

20. LANGSIKTIG GJELD

Mor (Beløp i 1000 kr)

ISIN nr.	Rente-regulering	Forfall	Rente pr 31.12.2009	Nedbetalt 2009	Restlån 31.12.2008	Restlån 31.12.2009
NO 0010317944	Fast lån	01.06.2011	4,60		300 000	300 000
NO 0010324908	FRN lån	03.08.2009		275 000	275 000	0
NO 0010521008	Fast lån	15.06.2012	4,65			150 000
Behaldning obligasjonar i egne lån					-5 000	0
Sum obligasjonslån					570 000	450 000
Lån frå dotter SFE Kraft AS			3m Nibor		200 000	200 000
Sum langsiktig gjeld					770 000	650 000

Konsern

Konsernet har gjeld som spesifisert under (Beløp i 1000 kr):

Låne type	Rente pr 31.12.2009	Nedbetalt 2009	Restlån 31.12.2008	Restlån 31.12.2009
Obligasjonslån	4,60%		300 000	300 000
Obligasjonslån	6,80%	275 000	275 000	
Obligasjonslån	4,65%			150 000
Behaldning obligasjonar i egne lån			-5 000	
Sum obligasjonslån/langsiktig gjeld			570 000	450 000
Banklån, serielån 3m Nibor +1,25%	3,17%	950	18 050	17 100
Banklån, serielån 3m Nibor +1,25%	3,19%	188	0	2 312
Kortsiktig bankgjeld		18 050	19 412	

Beløp i 1000 kr	31.12.2009	31.12.2008	31.12.2007
ELSAM-avtalen	23 808	27 946	27 946
Kapitaliserte verdiar ikkje utbygde vassdrag	9 700	9 900	14 300
Anna forplikting	500	600	700
Sum avsetting for forpliktingar	34 008	38 446	42 946

Under forpliktingar inngår kapitalisert verdi på evigvarande godtgjersler knytt til ikkje utbygde vassdrag slik som dette:

Vassdrag	Kapitalisert verdi
Gaularvassdraget	5 900
Gjengedalsvassdraget	3 800

SFE Produksjon AS leverer frikraft til 78 grunneigarar i Gaular- og 30 grunneigarar i Gjengedalsvassdraget. Dette representerer ein årleg kostnad i storleiksorden 1,3 mill.

Ved berekning av kapitaliserte verdiar er det lagt til grunn marknadsprisar på kraft og nettleige og ei diskonteringsrente på 4,5%. For Gjengedalsvassdraget er det forutset at det vert gjennomført ei kraftutbygging innan 2020 slik at godtgjersla ikkje er nedkapitalisert lenger fram enn dette. For Gaularvassdraget er det lagt til grunn utbygging av eit mikrokraftverk innan 2014, to nye innan 2017 og endå to til innan 2020 som vil gje inntekter gjennom tilbakeleige av fallrettar. Dette kjem i tillegg til allereie utbygde mikrokraftverk. Dersom det ikkje vert gjeve nødvendig konsesjon for kraftutbygging i Gjengedal eller vassrettane i Gaularvassdraget ikkje kan utnyttast vil dette påverke kapitalisert verdi av frikraftforpliktingane vesentleg. Det kan då vere tale om ei fleirdobling av forpliktingane.

Mor og konsern

Gjeld som har forfall meir enn fem år etter avslutning av rekneskapsåret:

Beløp i 1000 kr.	2009	2008	2007
Obligasjonslån	0	0	0
Gjeld til kredittinstitusjonar	13 412	13 300	14 250
Øvrig langsiktig gjeld	23 163	25 532	32 101
Sum langsiktig gjeld	36 575	38 832	46 351

Utbetalt forskotsbeløp knytt til ELSAM-avtalen er ført opp i balansen under avsetting for forpliktingar. Beløpet per 31.12.09 er 23,8 mill. kr. Forskotsbeløpet vert inntektsført med 1/25 per år frå 1995.

21. PANTSETJINGAR OG GARANTJAR

Konsernkontoavtale inngått med DnBNOR inkluderer kassakreditt og trekkrett samt Nord Pool og Elsam garantiar. Alle konsernselskapa har gjensidig garantert for desse kredittane. SFE har overfor DnBNOR og i samband med opptak av obligasjonsgjeld avgitt negativ pantsettingserklæring. SFE har såleis ikkje eigedelar som er pantsett som tryggleik for gjeld.

22. FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Som kraftprodusent er SFE utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert SFE sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt SFE handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på Nord Pool og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg handlar SFE sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål.

Av middelproduksjonen på 1.380 GWh er følgjande volum prissikra framover i tid og underlagt kontantstrømssikring:

Årstal	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016–2020
Volum i GWh	1 160	1 001	289	118	118	118	213
Marknadsverdi sikring (i mill. kr)	-88	-104	-30	-6	-6	-6	-20

SFE vedtok i 2009 ein ny valutastrategi som seier at konsernet sine forventa kontantstrømar i valuta ikkje skal valutasikrast. Valutaterminar inngått før ny valutastrategi blei vedteken må vere avslutta innan utgongen av 2010.

Valutarisiko utgjør både direkte og indirekte ein økonomisk risiko ved at den fysiske kraftprisen og alle finansielle avtaler på Nord Pool vert fastsett i Euro.

SFE har følgjande valutaterminar ved årsskiftet:

Valutaterminar År		Sum Euro (mill. EUR)	Pålydende (mill. NOK)	Marknadsverdi 31.12.2009 (mill. NOK)	Urealisert meir/ mindreverdi 31.12.2009 (mill. NOK)
2010	Sal Euro	- 7,0	- 59,7	- 58,5	1,2
2011	Sal Euro	- 5,0	- 42,9	- 42,5	0,4
Sum	Sal Euro	- 12,0	- 102,6	- 101,0	1,6

Valutaterminar gjort for sikring av Euro-kontantstrømar frå kraftproduksjon er sikringsbokført, dvs. urealisert meirverdi på 1,6 mill. kr. er ikkje inntektsført i rekneskapsåret for 2009. Kursen på EURNOK var ved årsskiftet på 8,3150.

SFE har ein vedteken finansstrategi for å handtere risiko knytt til finansmarknaden. For innlåna er det definert reglar for durasjon og renteregulerings-tidspunkt. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei vedtekte rammene vert haldne. Ein del av låneportefølja har lang rentebinding. SFE har ein back-stop gjennom avtale om trekkrett inngått med DnBNOR. Selskapet er ikkje utsett for valutarisiko gjennom låneportefølja.

Ein liten del av overskotslikviditeten er plassert i renteberande papir med kort rentebinding. Portefølja er kraftig redusert gjennom 2009 slik at rest-beholdninga ved årsskiftet er ei lita beholdning av mindre likvide obligasjonar. Bokført verdi av denne obligasjonsbeholdninga er på 4,85 mill. kr pr. 31.12.2009.

23. KONSESJONAR

NVE har etter heimel i lov av 29. juni 1990 (energilova) gjeve SFE Nett AS konsesjon til omsetting av elektrisk energi (omsettingskonsesjon) fram til 31.12.2014. SFE Nett AS har i tillegg anleggskonsesjonar og områdekonsesjonar i selskapet sitt forsyningsområde. Områdekonsesjon gjeld til 01.01.2016. Anleggskonsesjonar vert handsama fortløpande og er i prinsippet ikkje tidsavgrensa.

24. HEIMFALLSRETT

Etter industrikonsesjonslova, lov av 14. desember 1917 nr 16, er SFE ein offentlig eigar som kan få evigvarande konsesjonar. Ein offentlig eigar er i denne samanheng eit selskap der minst 2/3 av kapitalen direkte eller indirekte er eigd av stat, kommunar eller fylkeskommunar. Som offentlege eigarar er SFE Produksjon AS og Firdakraft AS gitt evigvarande konsesjonar.

25. INFORMASJON OM DOTTERSELSKAP OG SEGMENTRESULTAT

Beløp i 1000 kr	Mor	SFE Kraft AS	SFE Produksjon AS	SFE Nett AS	SFE Naturgass AS	Firdakraft AS
Driftsinntekter	49 098	337 083	637 598	257 321	7 035	69 737
Driftskostnader	57 448	331 838	415 149	210 174	7 545	45 200
Driftsresultat	-8 350	5 245	222 448	47 147	-510	24 536
Nto. finansposter	173 840	6 047	12 022	-15 478	-794	1 179
Resultat før skatt	165 490	11 292	234 470	31 669	-1 304	25 715
Skattekostnad	42 959	4 270	110 017	9 302	0	8 455
Ord.res etter skatt	122 531	7 023	124 453	22 367	-1 304	17 260
Anleggsmidler	1 976 503	214 284	1 204 095	718 720	18 734	156 550
Omlaufsmidler	1 370 210	79 773	322 835	131 198	1 160	52 849
Sum eignelutar	3 346 713	294 056	1 526 931	849 918	19 894	209 399
Eigenkapital	950 979	152 515	842 664	306 102	-4 345	174 048
Langsiktig gjeld	677 360	5 936	408 794	468 330	934	0
Kortsiktig gjeld	1 693 914	135 605	275 472	75 486	23 305	35 351
Sum EK og gjeld	3 346 713	294 056	1 526 931	849 918	19 894	209 399

Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS

REVISJONSMELDING FOR 2009


Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for rekneskapsåret 2009 som syner eit overskot på kr 122.531.000 for morselskapet og eit overskot på kr 127.954.000 for konsernet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen inneheld selskapsrekneskap og konsernrekneskap. Selskapsrekneskapet inneheld resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og opplysningar i notar. Konsernrekneskapet inneheld resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Oppgåva vår er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av selskapet si forvaltning av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for uttalinga vår.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Florø, 24. mars 2010
Deloitte AS



Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

MORSELSKAPET – SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

VISJON

Morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS skal vere ei drivkraft og eit kompetansesenter på eigarskap og selskapsutvikling i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Energi AS har 38 tilsette.

Morselskapet har to primæroppgåver i konsernet; det skal utøve ei eigarskapsrolle mot datterselskapa og skal levere fellestenester til dei same selskapa.

EIGARROLLA

Som eigar skal selskapet gjennom kjøp og sal av verksemd og ved å setje mål og rammer for verksemda syte for at konsernet sitt samla potensiale for verdiskaping vert fullt utnytta.

FELLESTENESTER

Gjennom sin kompetanse på tenesteyting skal morselskapet levere konkurransedyktige fellestenester til selskapa i konsernet. Fellestenestene er definert innafor områda økonomi og rekneskap, finansiering, IKT, personal og HMS, innkjøp, kvalitets- og beredskapsleiing, kommunikasjon og merkevare, eigdomsforvaltning, reinhald, resepsjons- og kantinetenester. Målsettinga er at kvaliteten på desse tenestene skal bidra til at kjerneverksemdene i konsernet kan bli blant dei fremste i sin bransje. Dette inneber at morselskapet skal legge til rette for robuste og fremtidsretta løysingar.

HØGDEPUNKT 2009

I 2009 vart det gjort ein del tilpassing og tilrettelegging av ressursar knytt til fellestenestene i morselskapet for å møte framtida sine utfordringar.

Framtidsutsikter: konsernet etterspør til einkvar tid kvalitativt gode fellestenester til best mogeleg pris. Det inneber at ein i morselskapet løpande vil bli utfordra nettopp på dette, slik at ein heile tida må strebe etter å levere ein så kvalitativt god og kostnadseffektiv tenester som mogeleg.



SFE NETT AS

VISJON

Fremst på energi- og breibandsnett i Fjordfylket. Med «fremst» legg vi til grunn at vi skal jobbe kontinuerleg for å vere fremst i regionen, og at energi- og breiband er våre mest sentrale forretningsområde.

ENERGINETT

Vår viktigaste oppgåve er energinettet. Dette er ein samfunnskritisk infrastruktur som set store krav til oss. Med våre 111 dyktige tilsette planlegg vi, byggjer ut, drifter og opererer både:

- Sentralnettet – vi eig sentralnettet frå Sognefjorden til Ørsta, og er eigar/deleigar i 6 stasjonar.
- Regionalnettet – nettet som bind saman ulike regionar i store deler av Sunnfjord og Nordfjord.
- Distribusjonsnettet – det lokale høgspennetnettet og lågspennetnettet som forsyner kundane i dei 7 kommunane vi har områdekonsesjon.

ca 23.000 nettkundar i distribusjonsnettet har eit forbruk på ca 630GWh. SFE Nett AS har rolla som regionalt utgreiingsansvarleg selskap for region Sogn og Fjordane. Vi har også funksjon som kraftforsyninga sin distriktssjef i Sogn og Fjordane (KDS), som trer i funksjon dersom ein ekstraordinær beredskapssituasjon oppstår.

BREIBAND

Vi har bygd eit omfattande fibernet som inngår i ein «nasjonal transportstamme», og med forgreiningar inn til alle sentra i området vårt. Vi eig og drifter nettet, og leiger det ut til nasjonal trafikk. Lokalt samarbeider vi tett med innhaldsleverandøren Enivest. Frå 2009 er planlegging av «fiber heim» til sluttkundane starta.

ENTREPRENØR

Eksternverksemda entreprenør har eit samla omfang på ca 5 årsverk, ei løpande omsetning rundt 8–9 mill kr, og er basert på utnytting av kjernekompetansen vår.

HØGDEPUNKT I 2009

Av gledelege hendingar i 2009 framhever vi spesielt:

- 2009 har gitt oss eit bra økonomisk resultat, og vi ser at utsiktene for 2010 er svært gode.
- Området har uvanleg stort potensial for ny, fornybar energi (til dømes vind og småkraft), som krev store nettinvesteringar for å kunne verte realisert. Nasjonale styresmakter er no merksam på at dagens inntektsramme- og tariffregime ikkje er tilpassa dei utfordringane nettselskapa i fornybarområda har.
- Inntektsrammeregimet er endra frå 2009 til 2010. Fleire av utfordringane våre er det teke hensyn til, mellom anna småkraftpotensialet og forsyning av øyar.

FRAMTIDSUTSIKTER

Det er ei rekke store utfordringar i tida som kjem, og vi framhever spesielt:

Nytt 420kV hovudnett er under planlegging, og erstatter dagens 132kV sentralnett. Sikker nettdrift under byggfasen er utfordrande, grunna auka sårbarhet då dagens hovudnett tidvis må koblast ut.

Vi har ei enorm investeringsportefølgje dei komande åra, mellom anna for å legge til rette for ny fornybar energi. Investeringane kan medføre redusert lønsomhet, då dagens inntektsrammeregime ikkje teke hensyn til nettinvesteringar på god nok måte.

Vi har ei rekke kompetente medarbeidarar som nærmar seg aldersgrense, og det er knytt utfordringar til kompetanseoverføring og rekruttering.



SFE PRODUKSJON AS

VISJON

SFE Produksjon sin visjon er å vere ein effektiv kraftverks-entreprenør og energiprodusent.

SFE Produksjon har 3 hovudfunksjonar: Drift og vedlikehald av produksjonsapparatet / kraftverka, verdiskaping knytt til fysisk og finansiell omsetting av kraftproduksjonen og utvikling og bygging av ny produksjonskapasitet innan vasskraft, vindkraft og bioenergi (varme).

DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KRAFTVERKA

Det har vore stabil drift på kraftverka i 2009 med planlagt utetid på 4,75% og ikkje planlagt utetid på berre 0,39%. Førebyggjande vedlikehald og HMS-arbeid er gjennomført som planlagt og vidareutvikla gjennom året. Det har vore særleg fokus på rehabilitering og standardheving knytt til automasjon.

KRAFTOMSETTING

Mål, strategiar og risikodokument for krafthandel er gjennomarbeid og oppdatert første halvår, og det er oppnådd gode resultat innan krafthandel sjølv om historiske sikringskontrakter framleis gjev mindreverdiar i porteføljene. Organisasjonen er styrka gjennom året og dette arbeidet held fram i 2010.

UTVIKLING INNAN KRAFTPRODUKSJON

Det er arbeid med vidareføring av konsesjonssøkaden for Østerbø kraftverk (Høyanger) på ca 200 GWh i samarbeid med BKK, samt opprustings- og utvidings-prosjekt i Skorvenvassdraget (Askvoll) og i Ålfoten-området (Bremanger). SFE Produksjon AS er konsulent for ein portefølje av småkraft-prosjekt og bistår grunneigarar med realisering av sine prosjekt frå forstudium til utbygging. Det vert ytt konsulentbistand til Vestavind Kraft med vindkraftprosjekt i fylket, og SFE er også medeigar i selskapet. Gjennom medeigarskap i Fjord Miljøenergi AS arbeider SFE for å realisere fjernvarmeprosjekt i Måløy og Førde.



SFE KRAFT AS

VISJON

SFE Kraft AS er SFE-konsernet sitt eige omsetningsselskap og salskanal for konsernet sine konkurranseutsette produkt og tenester. Verksemda er organisert i tre avdelingar: Sal, Rådgjeving og Kundesenter.

«Litt nærare. Litt enklare» er visjonen vår og den opplevinga vi skal gi kundane våre. Vårt fokus er å hjelpe kunden utifrå kunden sine behov. Dette kundeløftet vert ytterlegare forsterka gjennom merkevara vår; «Ekte Vare» – tett på kunden, truverdig, konkurransedyktig, berekraft og miljø.

SAL

Salsavdelinga har ansvaret for sal av kraft og alarm-løysingar, og har hatt ei positiv utvikling gjennom året. Sal av kraft har passert 1.000 GWh og er ein milepæl for oss i denne marknaden. Også alarmområdet kan vise til ei positiv utvikling.

RÅDGJEVING

Rådgjevingssavdelinga sit på Vestlandet si fremste rådgjevarkompetanse innan sine fagområde, og har hatt

god vekst og framgang i 2009. Ein har sikra posisjonen innan etablerte områder samstundes som ein går inn i nye marknadssegment med store potensiale.

KUNDESENTER


Kundesenteret er sjølve navet i verksemda vår og den sentrale suksessfaktoren for kunden si totale oppleving. Vi har derfor brukt mykje tid på å vidareutvikle organisasjonen og prosessane. Tilbakemeldingar frå kundane våre tyder på at vi er på rett veg.

HØGDEPUNKT 2009

2009 har vore eit spanande år der vi har utvikla nye produkt og tenester, både for privat- og bedriftsmarknaden. På bedriftsmarknaden har vi definert heile landet som vår konkurransearena, og det er kjekt å registrere at vi vinn fram og stadig tek større andelar i denne marknaden.

FRAMTIDSUTSIKTER

Det er mange aktørar og sterk konkurranse i marknaden, men vi er godt posisjonerte for ytterlegare vekst og forbetring i året som kjem.




VERDIREKNESKAP 2009

Beløp i 1.000 kr

Driftsinntekter	831 879	
- forbruk av innkjøpte varer/tenester	320 425	
= brutto verdiskaping i eiga verksemd		511 454
- kapitalslit (ord.avskrivningar)	95 421	
= netto verdiskaping i eiga verksemd		416 033
+ finansinntekter	23 379	
= verdier til fordeling frå eiga verksemd		439 412
+ offentlege tilskot	-	
= verdier til fordeling i alt		439 412

som er fordelt slik:

Tilsette		
brutto løn og sosiale ytingar	142 131	33,2%
Kapitalinnskytarar		
renter til kreditytarar	44 865	10,5%
kapitaluttak eigar	89 000	20,8%
Stat, kommunar		
skattar og avgifter	152 671	35,6%
Verksemda		
tilført eigenkapital	38 954	9,1%
	428 667	100,0%



EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Sogn og Fjordane Energi AS har basert seg på tilråding om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing. Denne tilrådinga gjeld primært for børsnoterte selskap. SFE har likevel beslutta at tilrådinga skal leggst til grunn så langt det er praktisk mogleg og hensiktsmessig for selskapet.

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING	STATUS ¹	MERKNADAR
1	UTGREIING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		
	Styret skal sjå til at selskapet har god eigarstyring og selskapsleiing.	+	Styret har vedteke å følgje prinsippa for god av eigarstyring og selskapsleiing, men har også bestemt at ein skal følgje dei så lenge dei er tenlege for selskapet og tilpassa SFE sine rammevilkår.
	Styret skal gje ei samla utgreiing for selskapet si eigarstyring og selskapsleiing i årsrapporten. Dersom denne anbefalinga ikkje er følgt, skal det forklarast.	+	
	Styret bør klargjere selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utforme etiske retningslinjer.	+	
2	VERKSEMD		
	Selskapet si verksemd bør tydeleggjerast i vedtektene.	+	
	Innan ramma av vedtektene bør selskapet ha klare mål og strategiar for verksemda si.	+	Strategiplan er etablert og med klare målsettingar. Planen vert revidert og rullert årleg.
	Føremålsparagrafen i vedtektene og selskapet sine mål og hovudstrategiar bør gå fram av årsrapporten.	+	
3	SELSKAPSKAPITAL OG UTBYTTE		
	Selskapet bør ha en eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.	+	I samband med selskapet sin utbyttepolitikk er det vektlagd mål, strategi og risikoprofil. Det er ikkje fastsett minimumsmål for eigenkapitalen.
	Styret bør utarbeide en klar og forutseieleg utbyttepolitikk som grunnlag for dei utbytteframlegg som fremjast for generalforsamlinga. Utbyttepolitikken bør gjerast kjent.	+	Generalforsamlinga fastsette i 2008 ein langsiktig utbyttepolitikk som inneber utbetaling av 70% av årsresultatet.
	Styrefullmakt til å foreta kapitalauke bør avgrensast til definerte formål og bør ikkje bli gitt for eit tidsrom lenger enn fram til neste ordinære generalforsamling. Tilsvarande gjeld styrefullmakter til kjøp av egne aksjar.	+	Det ligg ikkje føre planer som tilseier at dette er relevant for SFE.
4	LIKEBEHANDLING AV AKSJEEIGARAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE		
	Selskapet bør ha berre ein aksjeklasse.	-	Industrikonsesjonslova sine vilkår med ulike reglar for offentlege og private eigarar gjer det naudsynt med 2 aksjeklasser for ikkje å utløyse uønska heimfall av kraftanlegg.
	Dersom eksisterande aksjeeigarar sin fortrinnsrett ved kapitalauke fråvikast, skal det forklarast.	+	Det lovmessige grunnlag til å fråvike fortrinnsretten følgjer av aksjelova § 10-5: Tilsidesetting av aksjeeigarar sin fortrinnsrett. Kravet til grunngjeving er lovfesta, jfr § 10-3.

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført.

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING	STATUS ¹	MERKNADAR
	Ved ikkje uvesentlege transaksjonar mellom selskapet og aksjeeigar, styremedlem, leiande tilsette eller nærstående av desse, bør styret sjå til at det ligg føre ei verddivurdering frå ein uavhengig tredjepart. Dette gjeld ikkje når generalforsamlinga skal behandle saka etter reglane i allmennaksjelova. avhengig verddivurdering bør ligge føre også ved transaksjonar mellom selskap i same konsern der det er minoritetsaksjonærar.	+	Aksjelova § 3-8 og 3-9 regulerer transaksjonar mellom selskapet og aksjeeigarar. Uavhengig vurdering synest berre relevant ved ekstraordinære transaksjonar med omsyn til beløp eller avtaler utanfor selskapet si vanlege verksemd.
	Selskapet bør ha retningslinjer som sikrar at styremedlemmer og leiande tilsette melder frå til styret dersom dei direkte eller indirekte har ein vesentleg interesse i ei avtale som inngåast av selskapet.	+	Nedfelt i styreinstruksen om inhabilitet
5	FRI OMSETNAD		
	Aksjar i børsnoterte selskap skal i prinsippet vere fritt omsettelege. Det bør derfor ikkje vedtektsfestast nokon form for omsetningsavgrensing.	+	Det er nedfelt fri omsetjeligheit av aksjane i selskapet si aksjonærvtale med dei avgrensingar som følgjer av punkt 4 om heimfall. Det er forkjøpsrett for aksjonærane.
6	GENERALFORSAMLING		
	Styret bør legge til rette for at flest mogeleg av aksje-eigarane kan utøve sine rettar ved å delta i selskapet sin generalforsamling, og at generalforsamlinga blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarar og styret, mellom anna ved å sjå til at: Innkalling og saksdokument til generalforsamlinga, inkludert valkomitéen si innstilling er tilgjengelege på selskapet sine heimesider seinast 21 dagar før generalforsamlinga og sendast aksjeeigarane seinast to veker før generalforsamlinga avhaldast.	+	SFE følgjer vedtektene og aksjelova sine reglar med frist for innkalling/sakspapir på 14 dagar. Det vert i tillegg gjennomført eigarmøter med drøfting av aktuelle tema. Saksdokument for generalforsamling blir lagt på selskapet si heimeside.
	• saksdokumenta skal vere utførlege nok til at aksjeeigarane kan ta stilling til alle saker som skal behandlast.	+	
	• påmeldingsfristen settast så nær møtet som mogeleg.	+	Det er ikkje påmeldingsfrist for deltaking på generalforsamling.
	• aksjeeigarar som ikkje sjølve kan delta, kan stemme ved bruk av fullmakt.	+	
	• styret, valkomitéen og revisor er til stades i generalforsamlinga.	+	
	• det ligg føre rutinar som sikrar en uavhengig møteleiing i generalforsamlinga.	+	SFE følgjer aksjelova 5–12; styreleiar opnar generalforsamlinga og generalforsamlinga vel møteleiar.
	Innkallinga til generalforsamlinga bør informere om dei prosedyrar aksjeeigarane må følgje for å kunne delta og avgje stemme på generalforsamlinga. Innkallinga bør også klargjere: • Prosedyren for å møte ved fullmektig, mellom anna for bruk av fullmaktskjema • Aksjeeigar sin rett til å sette fram forslag til vedtak i saker som generalforsamlinga skal behandle • Den internettsida der innkalling og andre saksdokument vil vere tilgjengelege.	-	Skulle innførast i 2009, men er utsett til 2011.

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført.

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING	STATUS ¹	MERKNADAR
	Selskapet bør, så snart det er mogeleg, gjere tilgjengeleg på si heimeside: • Aksjeeigar sin rett til å få saker behandla på generalforsamlinga • Forslag til vedtak, alternativt merknader til dei sakene der det ikkje er fremja vedtak • Fullmaktsskjema.	-	Skulle innførast i 2009, men er utsett til 2011.
	Styret og den som leier møtet bør legge til rette for at generalforsamlinga får mogelegheit til å stemme på kvar enkelt av kandidatane til verv i selskapet sine organ.	-	Skulle innførast i 2009, men er utsett til 2011.
7	VALKOMITÉ		
	Selskapet bør ha ein valkomité, generalforsamlinga bør velje leiaren og medlemmer for komitéen og bør fastsette godtgjersla for den.	+	Det vart etablert valkomité på generalforsamling i 2009.
	Valkomité bør vedtektsfestast.	+	
	Valkomiteen bør samansettast slik at omsynet til aksjonærfellesskapet sine interesser blir ivaretatt. Fleirtalet i valkomiteen bør vere uavhengig av styret og øvrige leiande tilsette. Minst eit medlem av valkomitéen bør ikkje vere medlem av bedriftsforsamlinga, representantskapet eller styret. Maksimalt eitt medlem av valkomitéen bør vere styremedlem og bør då ikkje stille til attval. Dagleg leiar eller andre leiande tilsette bør ikkje vere medlem av komiteen.	+	Selskapet har ikkje bedriftsforsamling, sjå punkt 8.
	Valkomiteen fremjar forslag til kandidatar til bedriftsforsamling og styre og honorar for medlemmene av desse organa.	+	Selskapet har ikkje bedriftsforsamling, sjå punkt 8. Dette er også regulert i instruks for valkomitéen sitt arbeid
	Valkomiteen si innstilling bør begrunnast.	+	Det er utarbeidd eigen instruks for valkomitéen sitt arbeid.
	Selskapet bør informere om kven som er medlemmer av komitéen og eventuelle fristar for å fremje forslag til komitéen.	+	
8	BEDRIFTSFORSAMLING OG STYRE, SAMANSETTING OG UAVHENGIGHEIT		
	Bedriftsforsamlinga bør samansettast med sikte på brei representasjon av selskapet sine aksjeeigarar.	-	Konsernet har inngått avtale med dei tilsette sine organisasjonar m tilsette sin epresentasjon i konsernstyret og dotterstyra utan etablering av bedriftsforsamling.
	Styret bør samansettast slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Fleirtalet av dei aksjeeigarvalde medlemmene bør vere uavhengige av selskapet si daglege leiing og vesentlege forretningspartar. Minst to av dei aksjeeigarvalde medlemmene bør vere uavhengige av selskapet sine hovudaksjeeigarar.	+	Val av styremedlemer er regulert i aksjonæravtale med bakgrunn av størrelsen på eigardelen, og skal sikre brei representasjon frå aksje-eigarane mellom dei aksjonærvalde medlemmane i styret. et er utarbeidd eigen instruks for valkomitéen som regulerer framlegg til samansetning av styre.
	Representantar frå den daglege leiinga bør ikkje vere medlem av styret. Dersom slike representantar er styremedlem, bør det forklarast og få konsekvensar for organiseringa av styret sitt arbeid, mellom anna bruk av styreutval for å bidra til ein meir uavhengig førebuing av styresaker, jfr punkt 9.	+	

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført.

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING	STATUS ¹	MERKNADAR
	Styret sin leiar bør velgast av generalforsamlinga dersom ikkje vedkommande velgast av bedriftsforsamlinga.	+	Er regulert i selskapet sine vedtekter inklusive val av nestleiar i selskapet si generalforsamling.
	Styremedlemmer bør ikkje velgast for meir enn to år av gangen.	+	Er regulert i selskapet sine vedtekter.
	I årsrapporten bør styret opplyse om forhold som kan klargjere styremedlemmene sin kompetanse og kapasitet samt kva styremedlemmer som vurderast som uavhengige.	+	
	Styremedlemmer bør oppfordrast til å eige aksjar i selskapet.	-	Ikkje aktuelt i SFE grunna konsesjonsmessige forhold og vedtekter.
9	STYRET SITT ARBEID		
	Styret bør fastsette en årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.	+	Styret har vedteke styreinstruks og møteplan.
	Styret bør fastsette instruksar for styret og for den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.	+	
	Det bør velgast ein nestleiar som kan fungere når styreleiaren ikkje kan eller bør leie styret sitt arbeid.	+	
	Styret bør informere om eventuell bruk av styre-utval i årsrapporten.	+	
	Styret bør evaluere sitt arbeid og sin kompetanse årleg.	+	
10	RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL		
	Styret skal sjå til at selskapet har god intern kontroll og hensiktsmessige system for risikostyring i høve til omfanget og arten av selskapet si verksemd. Internkontrollen og systema bør også omfatte selskapet sitt verdigrunnlag og etiske retningslinjer.	+	
	Styret bør årleg gjennomføre ein gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområder og den interne kontroll.	+	
	Styret bør i årsrapporten gi ein forklaring av hovudelementa i selskapet sin interne kontroll og risikostyringssystem knytt til selskapet sin finansielle rapportering.	+	
11	GODTGJERSLE TIL STYRET		
	Godtgjersle til styret bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda si kompleksitet.	+	Satsane for styrehonorar vart endra i 2008.
	Godtgjersle til styret bør ikkje vere resultatavhengig. Opsjonar bør ikkje utdelast til styremedlemmer.	+	SFE har ikkje opsjonsprogram.
	Styremedlemmer, eller selskap som dei er tilknytte, bør ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom dei likevel gjer det, bør heile styret være informert. Honorar for slike oppgåver bør godkjennast av styret.	+	

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført.

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING	STATUS ¹	MERKNADAR
	Det bør informerast om all godtgjersle til dei enkelte medlemmene av styret i årsrapporten. Dersom det har vore gitt godtgjersle utover vanlig styrehonorar, bør det spesifiserast.	+	
12	GODTGJERSLE TIL LEIANDE TILSETTE		
	Styret bør fastsette retningslinjer for godtgjersle til leiar tilsette i høve til lova. Retningslinjene leggst fram for generalforsamlinga.	+	Styret får ved regulering av løn til konsernsjef oversikt om løn i samanliknbare stillingar i bransjen. Løn til konsernsjef og leiar tilsette går fram av note til rekneskapen.
	Retningslinjene for fastsetjing av godtgjersle til leiar tilsette bør angi hovudprinsippa for selskapet sin leiarlønns-politikk. Retningslinjene bør bidra til samanfallande interesser mellom aksjeeigarane og leiar tilsette.	+	
	Resultatavhengig godtgjersle til leiar tilsette i form av opsjons-, bonusprogram eller liknande, bør knytast til verdiskaping for aksjeeigarane eller resultatutvikling for selskapet over tid. Slike ordningar, mellom anna opsjonsordningar, bør vere prestasjonsretta og forankra i målbare forhold som den tilsette kan påverke.	+	SFE har ikkje opsjonsprogram. Leiar tilsette, med unntak av konsernsjef, inngår i avgrensa bonusordning med maks. beløp på kr. 16.000. Retningslinjene for bonusprogram følgjer intensjonen i forskrifta.
13	INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON		
	Styret bør fastsetje retningslinjer for selskapet sin rapportering av finansiell og anna informasjon basert på openheit og under omsyn til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden.	+	
	Informasjon til selskapet sine aksjeeigarar bør leggst ut på selskapet sin internettside samstundes som den sendast til aksjeeigarane.	+	
	Styret bør fastsette retningslinjer for selskapet sin kontakt med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga.	+	
14	OVERTAKING		
	Styret si handtering av tilbod om overtaking m.m.	-	Er vurdert som ikkje relevant for SFE.
	Transaksjonar som i realiteten inneber avhending av verksemda, bør besluttast av generalforsamlinga, bortsett frå i dei tilfeller der desse beslutningane etter loven skal treffast av bedriftsforsamlinga.	+	
15	REVISOR		
	Revisor bør årleg legge fram for styret hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.	+	

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført.


KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLIING	STATUS ¹	MERKNADAR
	Revisor bør delta i styremøte som behandlar årsrekneskapen. I møta bør revisor gjennomgå eventuelle vesentlege endringar i selskapet sine rekneskapsprinsipp, vurdering av vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen.	+	
	Revisor bør minst ein gang i året gjennomgå med styret selskapet sin interne kontroll, herunder identifiserte svake sider og forslag til forbetringar.	+	Er gjennomført i samband med gjennomgang årsrekneskapen. Revisor gir årleg rapport til styret.
	Styret og revisor bør ha minst eitt møte i året utan at dagleg leiar eller andre frå den daglege leiinga er til stades.	+	
	Styret bør fastsetje retningslinjer for den daglege leiinga sin tilgang til å nytte revisor til andre tenester enn revisjon. Revisor bør årleg skriftleg bekrefte for styret at han oppfyller fastsette krav til uavhengigheit. I tillegg bør revisor gje styret ein oversikt over andre tenester enn revisjon som er levert til selskapet.	-	Saka utsett til 2010.
	I ordinær generalforsamling bør styret orientere om revisor sin godtgjersle fordelt på revisjon og andre tenester.	+	

¹ + = gjennomført, - = ikkje aktuell/ikkje gjennomført.

Foto side 3, 16, 20, 45, 46, 47: Debra Foto
Foto side 19: Foto Almenning

Grafisk Produksjon:
E. Natvik Prenteverk AS, Florø





Sogn og Fjordane Energi AS